

Har staten vendt attende, og i tilfellet: kvar er den?

UTFORDRINGAR FOR STUDIAR AV STAT OG STATSDANNING I MELLOMALDEREN
OG TIDLEG MODERNE TID¹

Av Leidulf Melve

Artikkelen diskuterer nyare forsking kring stat og statsdanning i mellomalderen og tidleg moderne tid. Den første og hovudsakleg teoretiske delen av artikkelen tek til med ein kort gjennomgang av dei klassiske sosiologiske tilnærmingane til statsdanning, for dernest å gå over i ein diskusjon av nyare freistnader på å forklare komplekset. Her står teoriane til Charles Tilly og Michael Mann sentralt. Medan desse teoriane gjerne er kalla statssentrerte, har ei meir kulturorientert tilnærming til tematikken gjort seg gjeldande i det siste tiåret. Artikkelen drøftar tilhøvet mellom desse to tilnærmingane. I ein freistnad på å konkretisere somme sentrale problemstillingar tek den neste delen av artikkelen føre seg omgrepsproblematikk på den eine sida, og bruken av ulike tilnærmingar til statsdanning i mellomalderen på den andre. Siste del av artikkelen er meir empirisk i form, då den presenterer sju sentrale område som har vore sterkt framme i nyare forsking på stat og statsdanning. Denne siste delen tek utgangspunkt i eit utval empiriske arbeid kring statsdanning i mellomalderen og tidleg moderne tid.

English
abstract
p. 364

1. Takk til Øystein Rian og redaksjonen av *Historisk tidsskrift* for nyttige kommentarar.

leidulf.melve@hi.uib.no

Leidulf Melve er postdoktor ved Centre of Medieval Studies, Universitetet i Bergen.

OVER DEI SISTE tretti åra har det skjedd mykje i studiet av stat og statsdanning. I tur og orden har me fått oppfordringar om å føre 'staten',² 'folket'³ og 'kulturen'⁴ attende som sentrale undersøkingsobjekt. Særskild har teoretiske sider ved problemkomplekset vorte diskuterte. Resultatet er ei meir kritisk haldning til deduktive modellar og eit større fokus på induktiv modellbygging.⁵ I det følgjande skal eg drøfte sider ved desse nye perspektiva. Fokuset vil ligge på mellomalderen og tidleg moderne tid, med ei vekt på anglo-amerikansk forsking og diskusjonar. Norsk og skandinavisk forsking vil berre bli nytta for perspektiverande føremål. Ei skisse over den teoretiske tilnærminga til stat og statsdanning⁶ vil danne utgangspunktet for å drøfte dei to kanskje mest kjende nyare teoriane om statsdanning, nemleg dei til Charles Tilly og Michael Mann.⁷ Den meir teoretiske biten av artikkelen vil bli avslutta ved å sjå nærare på den kulturorienterte tilnærminga som det førebels siste innslaget i debatten.⁸ I den andre og hovudsakleg empiriske delen vil eg først ta for meg diskusjonar kring statsdanning i mellomalderen.⁹ Avslutningsvis vil eg presentere åtte sentrale empiriske variablar i nyare granskningar av statsdanningsprosessen både i mellomalder og tidleg moderne tid.¹⁰ Diskusjonen av desse variablane vil med jamne mellomrom dra inn tidlegare teoretiske poeng, for gjennom dette å klårgjere tilhøvet mellom undersøkingsvariablar og undersøkningsnivå.¹¹

STAT OG STATSDANNING I DEN TEORETISKE TRADISJONEN:

EIT KORT OVERBLIKK

Stat og statsdanning var eit sentralt forskingsområde både for historie då faget vart vitskapleggjort på 1800-talet og for den klassiske sosiologien. Tönnies,¹²

2. P.B. Evans, D. Rueschemeyer, T. Skocpol (eds.), *Bringing the State Back In*, Cambridge 1985.
3. M. Levi, *Of Rule and Revenue*, Berkeley 1988: 190–203.
4. G. Steinmetz (ed.), *State/Culture. State-Formation after the Cultural Turn*, Ithaca 1999.
5. C. Tilly, *Coercion, Capital, and European States, AD 990–1990*, Cambridge 1990. Sjå også R.L. Hopcroft, Theoretical Implications of Regional Effects, i *Sociological Theory*, 2001, 19: 145–164.
6. Sjå nedanfor, Stat og statsdanning i den historiografiske tradisjonen: eit kort overblikk, s. 194.
7. Sjå nedanfor, Korleis forklare statsdanning?, s. 197.
8. Sjå nedanfor, Den kulturorienterte tilnærminga, s. 201.
9. Sjå nedanfor, Stat og statsdanning i mellomalderen: omgrepssproblematikk, s. 206; Antropologiske og modernitetsteoretiske tilnærmingar, s. 208.
10. Sjå nedanfor, Nye empiriske variablar i studiet av stat og statsdanning, s. 212.
11. Sjå nedanfor, Konklusjon, s. 250.
12. F. Tönnies, *Gemeinschaft und Gesellschaft. Grundbegriffe der reinen Soziologie*, Darmstadt 1979.

Weber,¹³ Marx¹⁴ og Durkheim¹⁵ analyserte den moderne staten i nær relasjon til prosessen som leia frå den føydale staten, frå eit *Gemeinschaft*, frå eit patrimonialt herredøme og frå eit samfunn tufta på organisk solidaritet til eit *Gesellschaft*, ein rasjonell-byråkratisk stat, ein kapitalistisk stat og til eit mekanisk samfunn.¹⁶ Me har såleis å gjere med ei evolusjonshistorisk og ofte anakronistisk tilnærming til temaet der utgangspunktet for analysen var den moderne staten: mellomalderstaten og den tidleg moderne staten vart definerte ut frå kva den mangla jamført med den moderne staten.¹⁷ Desse tilnærmingane var også karakteriserte av eit dikotomisk syn på tilhøvet mellom stat og samfunn. Weber, til dømes, såg på 'staten' som eit upersonleg byråkrati tufta på eit monopol på legitim bruk av vald, medan 'samfunnet' vart definert som ein motsats: dette tyder ikkje at det ikkje fanst relasjonar mellom staten og samfunnet, men heller at Weber berre i avgrensa grad spesifiserte desse relasjonane. Statshistorie tufta på arkivforsking sette på si side presedens for seinare historieskriving. Utviklinga av staten sine institusjonelle strukturar stod i fokus.¹⁸ Særleg i den tyske tradisjonen stod det rettshistoriske elementet sentralt, i form av at lover og andre offisielle dokument vart nytta til fordel for litterære kjelder.¹⁹ Men ein slik type statshistorie var på ingen måte fråverande verken i Noreg eller i Skandinavia.²⁰ I ettertid er det lett – men kanskje noko urettvist – å skulde denne tilnærminga for å vere

13. M. Weber, *Economy and society: an outline of interpretive sociology*, Berkeley 1978. For ei analyse av teorien om rasjonalisering, sjå J.S. Sterling & W.E. Moore, Weber's Analysis of Legal Rationalization: A Critique and Constructive Modification, i *Sociological Forum*, 1987, 2: 67–89.

14. K. Marx, *The Origin of Family, Private Property and the State*, i Marx–Engels, *Selected Works*, London 1968; Marx, *The Eighteenth Brumaire of Louis Bonaparte*, i Marx–Engels 1968.

15. E. Durkheim, *The division of labor in society*, New York 1964.

16. H. Spruyt, *The Sovereign State and Its Competitors. An Analysis of Systems Change*, Princeton 1994: 18 har såleis rett når han hevdar at mange unilineære framstillingar av statsdanning er, i alle fall implisitt, inspirert av dei klassiske framstillingane til Marx, Durkheim og Weber.

17. Den tidlege sosiologen skjematiserte denne forståinga ved å operere med dikotomiar – Durkheim refererer til organisk og mekanisk solidaritet, Tönnies til *Gemeinschaft* og *Gesellschaft*, Weber til eit karismatisk og eit moderne/byråkratisk herredøme og Marx til det føydale og det kapitalistiske samfunnet. Når det gjeld evolusjonismen, finn Durkheim at den sosioøkonomiske utviklinga leier til sosial lagdeling som i sin tur tvingar fram ein overgang frå eit samfunn prega av organisk solidaritet til det moderne karakterisert av mekanisk solidaritet. For Marx er den historiske utviklinga determinert av produksjonsmåten i ein gjeven periode.

18. B. Southgate, *History: What and Why? Ancient, modern, and postmodern perspectives*, London 1996; G.G. Iggers, *Historiography in the Twentieth Century. From Scientific Objectivity to the Postmodern Challenge*, Hanover 1997.

19. H.-W. Goetz, *Moderne Mediävistik. Stand und Perspektiven der Mittelalterforschung*, Darmstadt 1999.

20. O. Dahl, *Norsk historieforskning i det 19. og 20. århundre*, Oslo 1990; S. Bagge, Udsigt og innhogg. 150 års forskning om eldre norsk historie, i *Historisk tidsskrift*, 1, 1996: 37–77; I. Floto, *Historie. En videnskabshistorisk undersøgelse*, København 1996.

anakronistisk, all den tid den moderne staten tente som utgangspunkt og målestokk for undersøkingane.²¹

Etter krigen utvikla det seg fleire forskingsgreiner innan sosiologien.²² Pluralismen eller behaviourismen var ei av desse og var særleg oppteken av kulturelle føresetnader for demokrati. Retninga hadde eit sterkt funksjonalistisk innslag: funksjonane til ein stat kunne målast ved å sjå på tilhøvet mellom 'input' og 'output'.²³ Berre unntaksvis vart statsdanning tematisert. Ei anna forskingsgrein var historisk sosiologi. Erfaringa frå den andre verdskrigen prega retninga som fokuserte på utviklinga av den demokratiske velferdsstaten i Vest-Europa (R. Bendix, S. Rokkan, S.M. Lipset),²⁴ på ulike vegar til demokrati og totalitært styre (B. Moore)²⁵ og på verdssystemanalysar (I. Wallerstein).²⁶ Her hadde statsdanning naturleg nok ein meir framtredande plass. Av dei sosiologiske klassikarane gjorde Marx og Weber seg mest gjeldande. Medan dei marxistisk inspirerte tilnærmingane på si side såg på staten som eit reiskap i hendene på den styrande klassen, framstilte den Weber-inspirerte funksjonalistiske orienteringa staten som ein einskap determinert av eit mangfold av sosioøkonomiske, geopolitiske og kulturelle variablar.

Oppfordringa om å 'føre staten attende' var ein reaksjon mot ei manglande interesse både for statskonseptet innanfor pluralismen og mot marxistiske tilnærmingar si avvising av autonomien til staten.²⁷ Reaksjonen

21. Skilnaden er at historiefaget ikkje har hatt disiplindefinerande verk på linje med dei sosiologiske klassikarane.

22. For ei oversikt, sjå L. Melve, Ein «reflektert historiefagleg identitet?» Tankar om tilhøvet mellom historie og sosiologi før og etter den språklege vendinga, i *Historisk tidsskrift*, 81, 2002: 443–489.

23. Sjå til dømes D. Easton, *The political system: an inquiry into the state of political science*, New York 1953. Sjå også freistnadene på å måle demokratisk sinnelag (civic culture) i ulike land på bakgrunn av eit gjeve tal variablar, sjå G.A. Almond & S. Verba, *The Civic Culture. Political Attitudes and Democracy in Five Nations*, Princeton 1963. For eit kritisk blikk på den pluralistiske skulen, sjå S.D. Krasner, Approaches to the State: Alternative Conceptions and Historical Dynamics, i *Comparative Politics*, 1984, 16: 226–229.

24. S.M. Lipset, *Political Man. The Social Bases of Politics*, New York 1960; R. Bendix, *Nation-Building and Citizenship. Studies of our Changing Social Order*, New York 1964; S. Rokkan, *Stat, nasjon, klasse: essays i politisk sosiologi*, Oslo 1987.

25. B. Moore, *Social Origins of Dictatorship and Democracy. Lord and Peasant in the Making of the Modern World*, London 1967.

26. I. Wallerstein, *The Modern World-System*, Vol. I-II, San Diego 1974–1980.

27. Krasner 1984: 224–225. For utførlege diskusjonar, sjå J.G. March & J.P. Olsen, The new institutionalism: Organizational factors in political life. *American Political Science Review*, 78, 1984; Levi 1988: 195–198; P. Cammack, Bringing the State Back in?, i *British Journal of Political Science*, 1989, 19: 261–290; T. Mitchell, The Limits of the State: Beyond Statist Approaches and Their Critics, i *The American Political Science Review*, 85, 1991: 77–96; R. Bendix, J. Ollmann, B. Sparrow, H. Bartholomew & T.P. Mitchell, Going Beyond the State?, i *The American Political Science Review*, 86, 1992: 1007–1021.

slo inn på siste halvdel av 1970-talet og har viktige representantar i Theda Skocpol, Michael Mann, Anthony Giddens og Charles Tilly. Den statssentrerte tilnærminga har fem hovudtrekk: (1) Den ser på politikk i høve til styring og kontroll og ikkje i relasjon til distribusjon av ressursar. (2) Staten bør i følgje denne tilnærminga handsamast som ein autonom aktør. (3) Retninga understrekar institusjonelle avgrensingar på individuell oppførsel. (4) Den er oppteken med den historiske konteksten. (5) Tilnærminga fokuserer på strid og konflikt innan eit gjeve politisk system. Fokuset har særleg vore retta mot revolusjonar (Skocpol),²⁸ historiske kjelder til sosial makt (Mann),²⁹ overgangen frå den eineveldige staten til nasjonalstaten (Giddens)³⁰ og tilhøvet mellom krig og statsdanning (Tilly).³¹ For å få eit betre grep om kva som karakteriserer denne statssentrerte retninga jamfört med den tidlegare historiske sosiologien, skal me kikke litt nærare på Tilly og Mann sine tilnærmingar.

KORLEIS FORKLARE STATSDANNING?

Tilly og Mann er truleg dei viktigaste statsteoretikarane dei siste tjue åra. Tilly la allereie i 1975 fram eit syn på statsdanning som tok til orde for ei historisk vending i studiet av staten. I det statsteoretiske hovudverket, *Coercion, Capital, and European States*, fyrst utgjeve i 1990, tek Tilly følgjene av ei utviding av det empiriske granskingsområdet på to måtar. For det første er tidsramma for undersøkinga utvida kraftig: medan 1975-bidraget definerte statar som ei tidleg moderne oppfinning, går Tilly femten år seinare attende til 990 for å finne opphavet til den moderne staten. For det andre, eit medvit om det store mangfaldet av statar i vestleg soge leier til ein ny definisjon av stat som femner langt vidare enn det weberianske utgangspunktet. 'Staten' er no definert som 'tvangsutøvande einskapar' (*coercion-wielding organizations*) som kan inkludere alt frå imperium til bystatar.³² For Tilly er statsdanning ei følge av statar si evne til å skaffe til vege kapital som skal finansiere tvangsreiskap. Desse reiskapane blir nytta eksternt ved erobring (krigføring) og internt for å pasifisere og disciplinere undersåttane. Tilly går såleis ut over Rokkan (og Moore) ved å plassere organiseringa av tvang og førebuing til krig i sen-

28. T. Skocpol, *States and Social Revolutions. A Comparative Analysis of France, Russia, and China*, Cambridge 1979.

29. M. Mann, *The Sources of Social Power*, Vol. I-II, Cambridge 1986–1993.

30. A. Giddens, *The Nation-State and Violence*, Cambridge 1985.

31. C. Tilly (ed.), *The Formation of National States in Western Europe*, Princeton 1975; Tilly 1990.

32. Tilly 1990: 1–2.

trum av analysen og ved å sjå på statsstrukturar som eit biprodukt av styrarar sine freistnader på å få kontroll over midlar til krigføring. Frå dette utgangspunktet hevdar Tilly at tre typar statar har oppstått i ulike deler av Europa sidan 990: tributbaserte imperium, system av fragmentert mynde (bystatar og fôderasjonar) og nasjonalstatar. På sikt var det berre statar som var i stand til å hente ut kapital eller styrke frå eige territorium som overlevde, nemleg nasjonalstatar.³³

Tilly er av og til rekna som ein statsentrert teoretikar, men det er like rett å sjå på teorien som sterkt påverka av nyinstitusjonalismen. Dette er openbart dersom Tilly er jamført med Mann, som representerer ei distinkt statsentrert tilnærming. Både hevdar at statsdanning ikkje kan forståast berre ved å granske indre faktorar, men også må fokusere på relasjonar mellom statar. Likskapane med nettverksanalyse er såleis openbare.³⁴ Metodologisk assosierer Mann seg med den kritiske empirismen. Store deler av hovudverket, *The sources of social power*, I-II (1986, 1993), er såleis ei historisk etterrøking av korleis maktnettverk etablerer seg og fungerer i ein gjeven periode. Maktomgrepet står difor særslig sentralt hjå Mann,³⁵ utbrodert i det han kallar fire kjelder til sosial makt samt den organisatoriske/institusjonelle forankringa av desse makttypane: ideologisk, økonomisk, militær og politisk makt.³⁶ Krig er for Mann som for Tilly den sentrale drivkrafta i den historiske utviklinga:

33. Tilly typologiserer europeisk statsdanning i høve til variablane kapital og tvang: ei tyre sone som inkluderer Russland og Ungarn. Desse er karakteriserte av lite konsentrert kapital, svake byar og kapitalistar, sterk adel, samt eksterne trugsmål (mongolane). Styrarar som kunne utnytte militærstyrken til adel og bønder hadde såleis ein føremon. Den indre sona omfattar til domes Venezia og Nederland. Her føpte konsentrasjon av kapital og kapitalistar til at staten sitt skattegrunnlag var betre, noko som resulterte i militær styrke. Den mellomliggjande sona inkluderer Frankrike, England og Preussen. Desse statane hadde nasjonal kapital, samstundes som staten samarbeidde med adelén. Resultatet var etableringa av stor militærstyrke.

34. For nettverksanalyse nutta på statsdanning, sjå B. Stråth & R. Torstendahl, State Theory and State Development: States as Network Structures in Change in Modern European History, i R. Torstendahl (ed.), *State Theory and State History*, London 1992: 12–38; J.M. Hobson, The historical sociology of the state and the state of historical sociology in international relations, i *Review of International Political Economy*, 1998, 5: 284–320.

35. Fire idealtypar av makt er sett fram: *ekstensiv makt*: evna til å integrere eit stort tal menneske over eit stort territorium. *Intensiv makt*: evna til å få i stand tett integrasjon og såleis sikre lydnad frå borgarane. *Autoritativ makt*: makta til sosiale grupper og institusjonar. *Diffus makt*: ikkje knytt til grupper og institusjonar.

36. 1. *Ideologisk makt* kan vere meinings i Weber si tyding, normer med referanse til Durkheim, eller estetisk/rituell praksis. Ideologisk makt har to former for institusjonell forankring, ei som er basert på heilag autoritet. Den andre er moralisk og forsterkar makta til ei alleie etablert sosial gruppe. 2. *Økonomisk makt* er knytt til utviklinga av klasserelasjonar. Det finst mange økonomiske organisasjonar, men sams for dei alle er den praktiske forankringa. 3. *Militær makt* er tufta på tvangmonopol. 4. *Politisk makt*. Institusjonane er av to typar, ein territorielt centralisert og ein annan retta mot andre statar i form av diplomati (Mann 1986, 1993).

endemisk krigføring leia til nye freistnader på skattlegging og nye former for verneplikt som i sin tur førte til byråkrati og dermed til institusjonalisering av maktstrukturar.³⁷

Det er openbart at desse nye makrohistoriske modellane ikkje har den same forklaringskrafta som tidlegare strukturalistiske og funksjonalistiske modellar. Skilnaden er stor jamfört med dei to kanskje mest nyttta historisk-sosiologiske syntesane frå etterkrigsgenerasjonen – dei til Barrington Moore og Perry Anderson. Moore forklarar kvifor nokre statar (England og Frankrike) utvikla demokratisk styresett, medan andre (Tyskland) gjekk i totalitær lei. Moore hevdar at dei statane som hadde eit sterkt aristokrati tufta på utbytting av bønder og ein tilhøyrande svak borgarklasse lettare opplevde demokratisk samanbrot (*breakdown*).³⁸ Anderson på si side nyttar ei marxistisk ramme for å gjere greie for overgangen til føydalisme og den eineveldige staten, samt variasjonar mellom Vest- og Aust-Europa.³⁹ Sjølv om einskilde sider ved desse modellane har vorte sterkt kritiserte, blir dei framleis nyttta som teoretiske utgangspunkt. Grunnen er utan tvil forklaringspotensialet.⁴⁰

Tilly nærmar seg slike typar forklaringar ved å operere med eit kausalband mellom kapital og tvang på den eine sida og type av statsdanning på den andre.⁴¹ Tilly sin teori er frå ein slik vinkel ein reaksjon mot marxistiske modellar og freistar å konseptualisere den autonome verknaden av økonomisk politikk på den materielle infrastrukturen. Men for å vere i stand til å etablere typologien som inneheld dei tre statstypane (tributt-baserte imperium, system av fragmentert mynde og nasjonalstatar) må Tilly redusere mangfaldet i perioden drastisk. Han har såleis blitt kritisert for at teorien ikkje inkluderer alle typar av statar eller alle vegane til statsdanning i Europa sidan 990. Modellen er heller ikkje i stand til å forklare kvifor nokre statar lukkast i å stabilisere seg som nasjonalstatar, medan andre gjekk til grunne. Til dømes har Tilly vorte kritisert for å ta for lite omsyn til variasjonar i skattlegging,⁴² samt funksjonen til koali-

37. Om 'produksjonsmåte' skal kunne nyttast som forklaringsvariabel, må den inkludere ikkje-økonomiske element, først og fremst militære, sjå M. Mann, *Ancient and Modern*, i Hall 1994: 505.

38. Moore 1966.

39. P. Anderson, *Lineages of the absolutist state*, London 1974; Anderson, *Passages from anti-feudality to feudalism*, London 1974.

40. Sjå til dømes G. Stokes, *The Social Origins of East European Politics*, i Chiröt 1989: 210–250, som nyttar Moore sine kategoriar på utviklinga i Aust-Europa.

41. For ein diskusjon av denne sida av Tilly si tilnærming, sjå R. Bonney, *Economic Systems and State Finance*, i R. Bonney (ed.), *Economic Systems and State Finance*, Oxford 1995: 1–18.

42. S. Clark, *State and Status. The rise of the State and Aristocratic Power in Western Europe*, London 1995: 310.

sjonsdanning.⁴³ Til sist har det også vorte stilt spørsmål ved kausalbandet: den militære faktoren som katalysator for statsdanning er ikkje så eintydig som Tilly vil ha det til.⁴⁴

Når det gjeld Mann sin teori, står det endå dårlegare til med forklaringsevna. Mann har konstruert eit framifrå deskriptivt verkty for å analysere eit mangfald av maktrelasjonar, men knapt eit verkty som forklarer endringar i desse maktrelasjonane. Ikkje berre er maktrelasjonane uspesifiserte. Argumentet nærmar seg også ein tautologi: i følgje Mann er det umogeleg å vite på førehand kven av dei fire kjeldene til sosial makt som er utslagsgjenvande i ein gjeven situasjon. Men når han samstundes hevdar at det nettopp er interaksjonen mellom desse kjeldene som fører til uføresette følgjer for aktørane og skapar dei viktige episodane som omkalfatrar den historiske utviklinga, argumenterer Mann i sirkel. Mann ser også ut til å ta for gjeve at infrastrukturell makt gradvis har auka opp gjennom historia og innfører såleis eit evolusjonistisk element.⁴⁵ No er det urettvist å skulde Tilly og Mann for ikkje å leggje seg nærmare eldre tilnærmingar. Likevel er det ikkje til å kome frå at avvisinga av den deduktive tilnærminga har leia til eit tap av forklaringskraft. Dette gjeld ikkje berre for Tilly og Mann. Sjølv den kanskje mest ambiisiøse freistnaden på å konstruere ein ny-evolusjonistisk sosialteori (Runciman) endar berre med ei rekke deskriptive kategoriar.⁴⁶ Det same gjeld for den antropologisk inspirerte forskinga.⁴⁷ Eitt unntak er kanskje John Haldon sin marxistiske modell, tufta på ein deduktiv metodologi. I denne er produksjonsmåten ikkje sett på som *determinerande*, men – i tråd med andre ny-marxistiske tilnærmingar – som å skape modalitetar og avgrensingar. Samstundes er erfaringar frå den statssentrerte skulen teke omsyn til, då Haldon ikkje utelukkar at statar kan fungere autonomt

43. Spruyt 1994: 32–33 forklarar institusjonell variasjon ved å referere til sosial koalisjonsdanning som ei følge av økonomisk endring og ikkje så mykje som ei følge av krigføring.

44. F. Tallett, *War and Society in Early-Modern Europe, 1495–1715*, London 1993: 189–213 peiker på fleire aspekt som problematiserer Tilly si hevding om at 'krig skapte statar': 1. Rolla til militære faktorar i etableringa av kongeleg dominans over adelen må modifiserast; 2. Monarkar var generelt lite viljuge til å nytte væpna styrker innanfor eige territorium; 3. Jakta på økonominiske ressurser til krigføring kunne like gjerne leie til større makt til representative organ; 4. Krig førte ikkje berre til byråkratisk sentralisering, men også til desentralisering.

45. Clark 1995: 119.

46. For ein kritikk av mangelen på forklaringspotensial hjå Runciman, sjå Haldon 1993: 40–47.

47. Den antropologiske tilnærminga har fyrst og fremst eit deskriptivt potensial og kjem til kort i freistnaden på å forklare korleis ein samfunnsformasjon vert erstatta av ein ny. Dei forklaringsmodellane som finst er alle i større eller mindre grad avleia frå Malinowsky sin funksjonalisme og tilfører lite anna enn å gjenta regla om kausalbandet mellom funksjonsdeling og sosial differensiering.

i kortare periodar.⁴⁸ Når dette er sagt, det er lite nytt i Haldon sin teori jamført med andre ny-marxistiske tilnærmingar.

DEN KULTURORIENTERTE TILNÆRMINGA

Om teoriane til Tilly og Mann er dei viktigaste bidraga frå den statsentrerte skulen, representerer dei langt ifrå den siste freistnaden på å få grep om statsdanningsprosessen. Den førebels siste teoretiske retninga har eg vald å kalle den kulturorienterte tilnærminga.⁴⁹ Tilnærminga kritiserer tre typar tilnærmingar til stat og statsdanning: 1. Tilnærmingar som ikkje handsamar kultur som ein autonom storleik. 2. Tilnærmingar som rett nok vurderer kultur som ein uavhengig variabel, men som avgrensar kultur til å gjelde ideane til ekspertgrupper på den eine sida, eller ser på kultur berre som generelle trekk ved den politiske kulturen på den andre. 3. Tilnærmingar som tek kultur seriøst, men som handamar den i essensialistiske termar.⁵⁰

Den kulturorienterte tilnærminga er nok karakterisert meir av kritikken mot tidlegare skular enn av eigne teoretiske byggverk. Trass i freistnaden på å integrere kultur som ein uavhengig variabel i *rational choice*-teoriar,⁵¹ er dette meir å rekne for tentative innspel enn ferdige modellar.⁵² Denne skilnaden kan delvis forklarast ved at den kulturorienterte tilnærminga er av nyleg dato og såleis ikkje har hatt tid til å ta steget frå å etablere ein teoretisk posisjon gjennom negativ kritikk til å skape eigne modellar basert på denne kritikken.⁵³ Men først og fremst er nok denne mangelen på teoridanning eit resultat av dei metateoretiske føringane som stammar frå den språklege vendinga og den tilhøyrande kritikken av dei 'store teoriane'. Det er difor tvilsamt om ein

48. Haldon 1993: 68.

49. Det kan diskuterast i kva grad det gjev mening å tale om einskaplege retningar innan studiet av statsdanning. I dei fleste høva er merkelappane sett på i ettertid.

50. G. Steinmetz, Introduction: Culture and the State, i Steinmetz (ed.), *State/Culture. State-Formation after the Cultural Turn*. Ithaca 1999: 12.

51. Sjå J. Adams, Culture in Rational-Choice Theories of State-Formation, i Steinmetz 1999: 98–122; Hopcroft 2001: 160. Adams hevdar vidare at *rational choice*-teoriar er verdifulle som ein rettleiar til individual oppførsel, trass i at ei rekkje aspekt ikkje kan forklarast gjennom bruk ein slik teori. Sjølv om ei hypotese avleia frå *rational choice*-teori er avvist, kan den likevel leie til ei gransking av dei historiske høva som avslører kvarfor hypotesa slo feil.

52. Eitt unntak er P. Bourdieu, Rethinking the state: genesis and structure of the bureaucratic field, i Steinmetz 1999: 53–75. Denne er derimot ikkje ein generell modell for statsdanning og må, om den skal vere i stand til å tene slike føremål, knyttast nærmere opp mot Bourdieu sin generelle sosiologiske teori.

53. Sjå til dømes A. Swidler, Culture in Action: Symbols and Strategies, i *American Sociological Review*, 1986, 51: 273–286; R. Wuthnow, *Communities of discourse: ideology and social structure in the Reformation, the Enlightenment, and European socialism*, Berkeley 1989.

nokon gong vil sjå freistnader på å etablere ein slik modell innanfor denne tilnærminga.

Når det gjeld konseptualiseringa av kultur, er kritikken retta mot både marxistiske og weberianske tilnærmingar. Kritikken mot den ortodokse marxismen går på at den reduserer kultur til ei avspegling av produksjonstilhøva. George Steinmetz hevdar såleis at kulturelle variablar spelar ei stor rolle i Weber sine granskningar av førmoderne og ikkje-europeiske samfunn, medan dei i forståinga av den moderne staten er underordna teorien om føremålsrasjonalitet. Seinare Weber-inspirerte granskningar har, ved å adoptere dikotomien mellom stat og samfunn der den byråkratiske føremålsrasjonelle staten var hovudfokuset, gjerne utelete samfunn og med dette kultur som viktig variabel.⁵⁴

Men stemmer det at statssentrerte og marxistiske tilnærmingar overser kultur?⁵⁵ Mann, til dømes, har *ideologi* som ei kjelde til sosial makt. Teorien hans gjer det også mogeleg å operasjonalisere kultur ikkje berre i høve til diskursiv ideologisk funksjon, men også i relasjon til institusjonelle forankringar av den ideologiske kjelda til makt. Sjølv den marxiske historiske sosiologien er ikkje framand for den kulturelle variabelen: Perry Anderson peiker på at typiske kulturelle variablar som romarrett og romersk styringsideologi spela ei rolle i statsdanning i mellomalderen.⁵⁶ Også W.G. Runciman i sin nyevolusjonistiske teori vurderer ideologi som ei av tre kjelder til makt.⁵⁷ Andre statssentrerte teoretikarar som til dømes Skocpol og Tilly vert i større grad råka av denne kritikken: Skocpol gjev relativt lite rom for kultur i forklaringar av den engelske, franske og kinesiske revolusjonen.⁵⁸ Det er først når ho vert konfrontert med at modellen ikkje er i stand til å forklare revolusjonen i

54. Steinmetz 1999. Sjå også Brewer & Hellmuth 1999: 21, som tek til orde for å gå ut over dei variablane som Weber la til grunn for studiet av staten – byråkrati, lov, økonomi, og krig – og rette meir merksemnd mot ideologiske faktorar.

55. Weber sin sosiologi er meir oppteken av kultur enn den kulturorienterte retninga hevdar. For ei analyse av kultur hjå Weber, sjå L. Zeuner, *Cultural Sociology from Concern to Distance*, Copenhagen 2003: 45–64.

56. Anderson 1974.

57. W.G. Runciman, *A Treatise on Social Theory. The methodology of social theory*, London 1983; Runciman, *A Treatise on Social Theory. Substantive social theory*, London 1989.

58. Sewell kritiserer Skocpol for å utelete kultur i forklaringa av den franske revolusjonen. Skocpol svarar at kultur ikkje er ekskludert, men heller ikkje er sett på som årsaken til revolusjonen (W.H. Sewell Jr., Ideologies and Social Revolutions: Reflections on the French Case, i *The Journal of Modern History*, 57, 1985: 57–85; T. Skocpol, Cultural Idioms and Political Ideologies in the Revolutionary Reconstruction of State Power: A Rejoinder to Sewell, i *The Journal of Modern History*, 57, 1985: 86–96). I forlenginga av denne debatten om revolusjonar kritiserer J.A. Goldstone, *Revolution and Rebellion in the Early Modern World*, Berkeley 1991: 416–458 statiske teoriar om kultur og understreker at ideologiske faktorar berre spela ei underordna rolla i samanbrotet til staten i England, Frankrike, Tyrkia og Kina.

Iran i 1979 at ho ser seg nøydd til å innføre kultur som forklaringsfaktor.⁵⁹ I den grad Tilly opnar for kulturelle variablar i det heile teke, er dei knytt opp mot motiva til individuelle styrarar og korleis uintenderte følgjer – først og fremst tiltak for å effektivisere skatteinnkrevjing – kan leie til statsdanning. Med andre ord, sjølv om den kulturorienterte tilnærminga har eit poeng i kritikken, går den nok for langt når den peiker på eit generelt kulturelt tomrom i den statssentrerte og den marxistiske tilnærminga.

Om tilnærminga ikkje har resultert i modellar, har den skapt nye utfordringar for studiet av statsdanning. Særleg har dikotomien mellom stat og samfunn vore ei skyteskive.⁶⁰ Timothy Mitchell, til dømes, kritiserer Philip Abrams sitt forslag om at ein bør skilje mellom to analyseobjekt, statssystemet og statsideen. I staden set Mitchell fram ei alternativ tilnærming: den vase grensa mellom stat og samfunn bør granskast i detalj, ikkje som eit konseptuelt skilje, men som eit historisk fenomen.⁶¹ Dette er viktig for å vere i stand til å forklare oppkomsten av staten som ein einskap som står ved sida av samfunnet.⁶² Eit større fokus på samfunnet er også naudsynt dersom ein skal samanlikna med ikkje-europeiske kontekstar der gjerne vekta på samfunnet er større enn i den europeiske konteksten.⁶³

Den kulturorienterte retninga har også freista å møta den kanskje største teoretiske utfordringa: dersom kultur er ein sentral forklaringsfaktor, korleis skal den operasjonaliserast? Med andre ord, korleis skal ein operasjonalisere tilhøvet mellom kulturelle variablar på den eine sida og andre faktorar som er sett på som viktige i statsdanningsprosessen – økonometriske, politiske, militære og institusjonelle? Det er openbart at det er gjensidig påverknad mellom desse variablane, og spørsmålet vert då korleis ein skal måle graden av kulturell påverknad. Dette momentet står i sin tur i samband med spørsmålet om nivå: kvar gjer den kulturelle variabelen seg mest gjeldande? Er det på mikro-, meso-, eller makronivået?

59. T. Skocpol, *Social revolutions in the modern world*, Cambridge 1994.

60. Det stemmer ikkje at tidlegare forsking har operert utelukkande i dikotomiske termar. Mann, til dømes, kritiserer sosiologisk forsking for å likestille omgrepene om 'samfunnet' med territoriet til staten (M. Mann, *The Autonomous Power of the State: Its Origins, Mechanisms and Results*, i J.A. Hall (ed.), *The State. Critical Concepts*, London 1994: 352).

61. T. Mitchell, *Society, Economy, and the State Effect*, i Steinmetz 1999: 77. Sjå også hevdigar om at staten må analyserast som ein 'strukturell verknad' (*structural effect*) (T. Mitchell, *The Limits of the State: Beyond Statist Approaches and Their Critics*, i *The American Political Science Review*, 85, 1991: 94).

62. Mitchell 1999: 85.

63. K. Barkey & S. Parikh, Comparative Perspectives on the State, i *Annual Review of Sociology*, 17, 1991: 532.

Ein freistnad på å møte desse utfordringane har gått på å spesifisere kultur. Her har omgrepet 'disiplinering' blitt nytta,⁶⁴ delvis i tråd med Michel Foucault si tilnærming og delvis avleia frå Norbert Elias sin sivilisasjons-teori.⁶⁵ I eit slikt perspektiv hevdar Pierre S. Gorski at ein 'disiplinarisk revolusjon' i form av kalvinismen var ein sentral faktor i statsdanningsprosessen i Nederland og Preussen.⁶⁶ Men medan denne spesifiseringa gjer omgrepet noko meir handgripeleg empirisk, er det vanskeleg å sjå korleis kultur kan operasjonalisera i høve til andre variablar sett på som viktige i statsdanning. Ei innvending går på at disiplinering langt ifrå er reservert for kulturelle faktorar – i dette høvet religion. Tvert om, disiplinering er ein del av alle sider ved statsdanningsprosessen – til dømes viktig i etableringa av eit monopol på utøving av legitim vald. Og dersom disiplinering som kulturell variabel skal vere analytisk gangbar, må ein synne at kultur har ei sjølvstendig kraft uavhengig av den institusjonen som står bak disiplineringa. I Gorski sitt døme med Preussen si 'disiplinering ovanifrå' er det såleis umogeleg å seie om det er det administrative apparatet eller den særskilde kulturelle dimensjonen i form av pietisme som er utslagsgjevande.

Når det gjeld den andre utfordringa – korleis operasjonalisere kultur på ulike nivå – har somme kritisert Foucault og Elias sine teoriar for å vere einsidige. I ei slik lesing vert Foucault skulda for å redusere disiplin til ein strategisk dimensjon,⁶⁷ medan Elias er kritisert for berre å knyte disiplin til det individuelle nivået. Tilnærmingane tilbyr heller ikkje eit rammeverk som er i stand til å skilje mellom ulike nivå av disiplinering.⁶⁸ Andre har sett fram vase formuleringar om kva ein generell teori

64. P. Pierangelo, Legitimacy, Discipline, and Institutions: Three Necessary Conditions for the Birth of the Modern State, i *The Journal of Modern History*, 67, 1995: 16 vurderer institusjonnell organisering, legitimering og disiplin som naudsynt for å forstå framveksten av den moderne staten.

65. I følgje Mitchell 1999: 86–87 går den kulturorienterte tilnærminga sitt omgrep om disiplinering ut over Foucault sitt ved at det ikkje ser på disiplinering utelukkande som eit system av politikk understøtta av makt, samt ved å understreke at disiplinerande strukturar er del av dei institusjonelle strukturane til den moderne staten.

66. P. Gorski, The Protestant Ethic Revisited: Disciplinary Revolution and State Formation in Holland and Prussia, i *The American Journal of Sociology*, 99, 1993. Sjå også Gorski, Calvinism and State-Formation in Early Modern Europe, i Steinmetz 1999: 147–181.

67. Foucault sin teori om makt har vorte kritisert for å avgrense seg til sekundære institusjoner slik som familien, hospital og fengsel, samt til etiske omgrep slik som seksuell oppførsel, sjå L. Stone, Introduction, i L. Stone (ed.), *An Imperial State at War: Britain from 1689 to 1815*, London 1994: 1. For freistnader på å nytte Foucault som basis for ei generell handsaming av staten, hovudsakleg i samband med lov og brotsverk, sjå D. Hay, Property, Authority and the Criminal Law, i D. Hay, P. Linebaugh & E.P. Thompson (ed.), *Albion's Fatal Tree: Crime and Society in Eighteenth-Century England*, London 1975: 17–63; E. Thompson, Eighteenth-Century English Society: Class Struggle without Class?, i *Social History*, 1978, 3/2: 133–165.

68. Gorski 1993: 270–271.

om sosial disiplinering bør innehalde. Gorski, til dømes, føreslår at ein slik teori må ta omsyn til normative og strategiske dimensjonar, samstundes som undersøkingsområdet må inkludere det individuelle, det institusjonelle og det sosiale nivået.⁶⁹ Ei tredje og meir fruktbar tilnærming finn me hjå Jonathan Scott. I ei analyse av den politiske uroa i England på 1600-talet hevdar Scott at radikalisme som ei kulturell kraft forklarar både borgarkrigen (1642–49) og den 'ærerike revolusjonen' (1688).⁷⁰ Radikalismen hadde ein slik verknad fordi den engelske staten var svak. Det særskilde med Scott si tilnærming er fokuset på vekselverknadane mellom kulturelle og institusjonelle variablar. I definisjonen av desse legg Scott til grunn eit diakront perspektiv. Den kulturelle variabelen endrar seg frå ein borgarkrigsradikalisme (1642–49) innom republikanismen (1649–60) før den endar i ein restaurasjonsradikalisme (1660–88). Scott kan dermed forklare statsbygginga på 1690-talet – byråkratisk utbygging, etablering av ein ståande hær, utviding av staten sitt finansielle grunnlag og ein klårare partipolitikk – som ein statleg reaksjon på denne radikalismen.

Kva står ein så att med frå den kulturorienterte tilnærminga? Førebelks kanskje ikkje noko anna enn eit korrektiv til tidlegare retningar om å ta kultur på alvor.⁷¹ Eg vil meine at kultur på ingen måte er fråverande i dei mest sofistikerte teoretiske byggverka innan denne skulen (Mann, Runciman). I tillegg opnar desse byggverka for å operasjonalisere kultur i høve til andre forklaringsvariablar. Elles er avvisinga av dikotomien stat–samfunn eit viktig steg frametter. Når dette er sagt, kan det synast som om den kulturorienterte tilnærminga er fanga i sin eigen metodologi: skepsisen til makrohistoriske modellar har hindra tilnærminga frå å etablere naudsynte skjema der kultur ikkje berre er operasjonalisert i høve til andre variablar, men også er innordna i makrohistoriske skjema.

Me er såleis attende til utgangsspørsmålet: er det mogeleg å konstruere deduktive makromodellar for statsdanning? Og om ikkje, er induktiv modellbygging eit alternativ? Sams for alle dei teoretiske tilnærmingane me har vore innom er ein sterkt deskriptiv tendens. Dette kan delvis for-

69. Gorski 1999: 161.

70. J. Scott, *England's troubles. Seventeenth-century English political instability in European context*, Cambridge 2000.

71. Dette er til dømes reflektert i det eine bandet i storsatsinga *The Origins of the Modern State in Europe*, nemleg A. Ellenius (ed.), *Iconography, Propaganda, and Legitimation*, Oxford 1998. I fleire av artiklane vert auken i bruk av ikonar og propaganda sett i samband med statsdanningsprosessen, sjå til dømes A. Ellenius, Introduction: Visual Representations of the State as Propaganda and Legitimation, i Ellenius 1998: 1–7; J.M.N. Soria, Propaganda and Legitimation in Castile: Religion and Church, 1250–1500, i Ellenius 1998: 105–119.

klarast som ei følgje av kritikken av evolusjonismen hjå Durkheim, Tönnies og Marx. Den deskriptive tendensen er også eit resultat av den språklege eller kulturelle vendinga sin skepsis til 'store teoriar'. På vegen har dei store forklaringsmodellane gått tapt. Det er såleis symptomatisk at sjølv om Norbert Elias sin statsdanningsteori fekk ein renessanse på 1990-talet,⁷² vart den raskt kritisert for å vere for generell og såleis ikkje ta omsyn til regional variasjon.⁷³

STAT OG STATSDANNING I MELLOMALDEREN: OMGREPSPROBLEMATIKK

Slagordet om å 'føre staten attende' har også gjort seg gjeldande i historiefaget.⁷⁴ Ei ny merksemd om omgrepsproblematikk er ei viktig side av denne nye interessa for staten. I tekstbokversjonen oppstår staten i Weber si tyding på 1600-talet. I løpet av dei siste tiåra har dette synet på statsdanning vorte kritisert frå fleire hald. For det fyrste har det vorte hevda at staten ikkje brått oppstod på 1600-talet, men kan sporast eit halvt tusenår attende i tid. I følgje Joseph R. Strayer oppstod staten i perioden 1100–1600 og var eit resultat av administrativ sentralisering.⁷⁵ Poenget er at ei kvar oppfatning av når staten oppstod vil vere avhengig av kva ein forstår med omgrepene 'stat'. Legg ein Weber sin definisjon til grunn, er det relativt få mellomalderstatar som vil kvalifisere. Problemet er at definisjonen også utelukkar ei rekke tidleg moderne statar.⁷⁶ Dette proble-

72. Elias er nytta i den skandinaviske konteksten av til dømes E. Österberg, *Criminality, Social Control, and the Early Modern State: Evidence and Interpretations in Scandinavian Historiography*, i *Social Science History*, 1992, 16: 67–98; S. Bagge, *The Scandinavian Kingdoms*, i D. Abulafia (ed.), *The New Cambridge Medieval History*, Cambridge 1999: 720–742.

73. Teorien vart også skulda for anakronisme: ein moderne rasjonalitet vart nytta som komparativt utgangspunkt for vurderinga av mellomalderrasjonalitet, sjå til dømes S. Bagge 1989.

74. For historiografiske overblikk, sjå C.T. Wood, *The Return of Medieval Politics*, i *The American Historical Review*, 94, 1989: 391–404; J.B. Given, *State and Society in Medieval Europe. Gwynedd and Languedoc under Outside Rule*, Ithaca 1990; M. Greengrass, *Conquest and Coalescence*, i M. Greengrass (ed.), *Conquest and Coalescence. The Shaping of the State in Early Modern Europe*, London 1991: 1–25; J. Kirschner, Introduction: The State is «Back in», i *The Journal of Modern History*, 67, 1995: 1–10; J. Brewer & E. Hellmuth, Introduction: Rethinking Leviathan, i Brewer & Hellmuth (eds.), *Rethinking Leviathan. The Eighteenth-Century State in Britain and Germany*, Oxford 1999: 1–21.

75. J.R. Strayer, *On the Medieval Origins of the Modern State*, Princeton 1970. For liknande syn på administrativ modernisering i hogmellomalderen, sjå C.W. Hollister & J.W. Baldwin, *The Rise of Administrative Kingship: Henry I and Philip Augustus*, i *American Historical Review*, 1978, 83: 867–905.

76. J.M. Smith, «Our Sovereign's Gaze»: Kings, Nobles, and State Formation in Seventeenth-Century France, i *French Historical Studies*, 18, 1993: 398. Smith understrekar at både ordet 'stat' og omgrepet 'statsbygging' er problematiske, då sistnemnde impliserer at kongen og hans administrasjon såg på seg sjølv som å ta del i eit pågående moderniseringsprogram. J. Innes, *Changing Perceptions of the State in the Late Eighteenth and Early Nineteenth Centuries*, i *Journal of Historical Sociology*, 2002, 15: 110 hevdar at sjølv tidleg på 1800-talet er det vanskeleg å lokalisere 'staten'.

met med omgrevpsdefinisjon leier over til eit anna problem med tekstbok-forståinga av stat og statsdanning: 1600-talsstaten var ikkje så moderne som einskilde vil ha det til; ei rekke strukturar frå mellomalderen hang framleis att.⁷⁷ Ei tredje innvending rører ved det monolittiske synet på stat: det eksisterte eit mangfald av statsliknande einskapar både i mellomalderen og i tidleg moderne tid, og dersom ein held fast på Weber sin definisjon vil ein avgrense det empiriske granskingsområdet radikalt.⁷⁸

Under desse tre innvendingane ligg det metateoretiske overvegingar kring problema med anakronisme og evolusjonisme. På eit omgrevpsmessig nivå refererer innvendingane til definisjonen av stat, medan dei på eit empirisk nivå har å gjere med etableringa og utviklinga av statsstrukturar. Dette er hovudsakleg ei følge av at i freistnaden på å definere staten møter ein ei rekke problem knytt til maktrelasjonar innan statsapparata på den eine sida og mellom desse og samfunnet på den andre.⁷⁹ Kva har ein så gjort for å møte desse innvendingane? På det omgrevpsmessige nivået har ein sett fram nye definisjonar på stat som kan innlemme eit større mangfald av statar og statsliknande einskapar. Tilly føreslår som nemnt å definere stat som særskilde organisasjonar som utøvar tvang (*coercion-wielding organizations*). Susan Reynolds, på si side, omformulerer Weber sin statsdefinisjon ved å bytte ut 'monopol' med 'kontroll' og setje inn 'meir eller mindre' framfor legitimitet.⁸⁰ Også forsking om tidleg moderne tid har sett fram nye definisjonar.⁸¹ Den andre løysinga er å

77. Sjå nedanfor, Nye empiriske variablar i studiet av stat og statsdanning, s. 206.

78. M. Ogborn, *Wherein Lay the Late Seventeenth-Century State? Charles Davenant Meets Streynsham Master*, i *Journal of Historical Sociology*, 2002, 15: 96, drøftar skiljet mellom tilnærmingar til staten tufta på definisjonar og praksistar. I samband med Weber sin definisjon, hevdar Ogborn med retta at «It is too singular and too total to contain the partialities of practices and the multiplicity of apparatuses that might be part of 'the state'».

79. Haldon 1995: 5–6; M. Innes, *State and Society in the Early Middle Ages. The Middle Rhine Valley, 400–1000*, Cambridge 2001: 255. Innes understrekar at ein ikkje må sjå på staten som eit universelt konsept som berre ventar på å bli oppfunne, men i staden fokusere på den innflokte prosessen der system av politisk makt endrar seg over tid.

80. S. Reynolds, The Historiography of the Medieval State, i M. Bentley (ed.), *Companion to Historiography*, London 1997: 117–139. Sjå også Innes 2002: 107, som set fram eit nøytralt konsept om staten – «... all activities underwritten by the coercive power of government ...» – for gjennom dette å opne for empirisk gransking av strukturen og funksjonen til mynda.

81. Braddick definerer staten som eit «coordinated and territorially bounded network of agents exercising political power», sjå M.J. Braddick, *State Formation in Early Modern England c. 1550–1700*, Cambridge 2000: 6. Han hevdar at definisjonen er i samsvar med sosiologisk teori, men likevel fleksibel nok til å gripe formoderne statsformer. For andre definisjonar av den tidleg moderne staten som modifiserer det weberianske aspektet med monopol på vald, sjå J. Brewe, *The Sinews of Power: War, Money, and the English State 1688–1783*, London 1989: 252. Frå skandinavisk håld åtvara Ø. Rian om å nytte kategoriar frå 1800- og 1900-talet på å analysere 1600-talet. Han etterlyste også sosiologiske analysar av tematikken (Ø. Rian, Hva og hvem var staten i Norge?, i E.L. Petersen (red.), *Magistaten i Norden i 1600-tallet og dens sociale konsekvenser*, Odense 1984: 73).

kvitte seg heilt med omgrepet stat og i staden erstattet det med meir fleksible omgrep som i større grad reflekterer samtidig bruk. Rees Davies, til dømes, føreslår at ein i ein mellomalderkontekst i staden for stat bør bruke omgrepet 'herredøme' (*lordship*).⁸²

Problemet med den fyrste løysinga er at den alltid vil vere reduksjonistisk, all den tid det verkar umogeleg å finne ein definisjon som femnar om alle historiske statsformer utan at definisjonen mister analytisk verdi. I samband med dette har J.P. Nettl understreka at eit omgrep om staten er naudsynt i komparative analyser. Truleg har Nettl eit poeng når han insisterer på at eit omgrevsapparat som konseptualiserer 'meir eller mindre statlegdom' er viktig for å vere i stand til å samanlikne vesteuropeiske statar.⁸³ Den andre varianten derimot, slepp unna problemet med reduksjonisme og unngår sjølv sagt også anakronismeproblemet. Hovudproblemet her er at eit omgrep som 'herredøme' (*lordship*) knapt er eigna for makrohistoriske samanlikningar og for å analysere statsdanning.⁸⁴ Val av definisjon blir såleis eit spørsmål om kva ein er ute etter å undersøkja: ein periodespesifikk definisjon med tilhøyrande lågt abstraksjonsnivå er teneleg for å få grep om myndestrukturar på perioden sine eigne premiss, men lite eigna til å forklare lengre utviklingsliner. På den andre sida, meir abstrakte definisjonar er ikkje nødvendigvis betre eigna til å forklare statsdanning, men opnar i alle høve opp for makrohistoriske samanlikningar.

ANTROPOLOGISKE OG MODERNITETSTEORETISKE TILNÆRMINGAR

Omgrevsproblematikken knytt til stat og statsdanning er likevel berre ei side av eit kompleks som også har ei empirisk side. Dersom det weberianske omgrepet om stat er vurdert som lite eigna, kva er alternativet? Eitt alternativ har vore å nytte erfaringar frå undersøkingar av statslause samfunn. Ved å vri merksemda vekk frå statlege institu-

82. R. Davies, The Medieval State: The Tyranny of a Concept?, i *Journal of Historical Sociology*, 16, 2003: 280–300.

83. J.P. Nettl, The State as a Conceptual Variable, i Hall 1994: 11–14 set fram fire trekk som skal svare på spørsmålet 'kva er staten?'. Desse fire rører ved statlege strukturar, internasjonale relasjoner, kollektiv aktivitet og kulturelle element.

84. Sjå S. Reynolds, There were States in Medieval Europe: A Response to Rees Davies, i *Journal of Historical Sociology*, 16, 2003: 554. Sjå også Ogborn 2002: 96, som hevdar at syn på staten basert på praksisar etablerer eit felt som er "too labile, fluid and promiscuous to allow a boundary to be drawn around what the state is and what it is not." I staden føreslår han at ein definisjon av staten må sjå på "the ways in which what are often common practices (which may be shared by a whole range of 'economic', 'social' and 'political' agents and institutions) are bundled together, legitimated in particular ways (backed by physical force) and organized territorially."

sjonar og lovverk til eit fokus på politisk oppførsel, har anakronisme-problemet vorte redusert. I staden for å la undersøkingane krinsa kring 'staten', har denne forskinga fokusert på kva strukturar som skapte føresetnader for sentralisering og disiplinering i samfunn utan statlege institusjonar. Undersøkingane har lagt vekt på rolla til uskrivne normer og reglar i desse prosessane, samt fokusert på symbolsk kommunikasjon i etablering av sosiale hierarki. Frå pionerarbeida innan denne retninga frå slutten av 1970-talet har ein over dei siste tjue åra sett antropologisk inspirerte innfallsvinklar til statsdanning i Noreg,⁸⁵ Sverige,⁸⁶ Danmark,⁸⁷ Island,⁸⁸ Frankrike,⁸⁹ Nederland⁹⁰ og England.⁹¹

Er desse antropologiske låna i stand til å gripe det særskilde med den europeiske statsdanningsprosessen?⁹² Vanskår oppstår dersom ikkje dei antropologiske postulata er handsama på ein kritisk måte.⁹³ Ukritisk lån av teoretiske omgrepssapparat kan såleis forvirre meir enn å opplyse.

85. S. Bagge, State Building in Medieval Norway, *Forum for utviklingsstudier*, 1989; Bagge, *Society and Politics in Snorri Sturluson's Heimskringla*, Los Angeles 1991; Bagge, *From Gang Leader to the Lord's Anointed. Kingship in Sverris saga and Hákonar saga Hakonarsonar*, Odense 1996; Bagge, The Structure of Political Factions in the Internal Struggles of the Scandinavian Countries during the High Middle Ages, i *Scandinavian Journal of History*, 24, 1999: 299–320; H.J. Orning, *Uforutsigbarhet og nærvær. En analyse av norske kongers maktutøvelse i høymiddelalderen*, Oslo 2004.

86. T. Lindkvist, *Plundring, skatter och den feudala statens framväxt. Organisatoriska tendenser i Sverige under övergången från vikingatid till tidig medeltid*, Uppsala 1988.

87. M. Gelting, Military Organization, Social Power and State Formation in Denmark (11th–13th c.), i A.N. Jørgensen & B.L. Clausen (eds.), *Military Aspects of Scandinavian Society in a European Perspective, AD 1–1300*, Copenhagen 1997: 139–147; Gelting, Maktstrukturer i valdemartidens Danmark, i T.D. Olsen & N. Lund (red.), *Viking og Hvidekrist*, Copenhagen 2000; L. Hermanson, *Släkt, vänner och makt. En studie av elitens politiska kultur i 1100-talets Danmark*, Göteborg 2000.

88. W.I. Miller, *Bloodtaking and Peacemaking: Feud, Law, and Society in Saga Iceland*, Chicago 1990; J.V. Sigurðson, *Goder og maktforhold på Island i fristatstiden*, Bergen 1993.

89. G. Koziol, *Begging Pardon and Favor. Ritual and Political Order in Early Modern France*, Ithaca 1992.

90. W. Blockmans & A. Janse (eds.), *Showing status. Representation of social positions in the late Middle Ages*, Brepols 1999.

91. R. Bartlett, *England under the Norman and Angevin kings, 1075–1225*, Oxford 2000.

92. Sjå til domes Ronald Cohen, Introduction, i R. Cohen & E.R. Service (eds.), *Origins of the State. The Anthropology of Political Evolution*, Philadelphia, 1978: 15. Cohen ser på opphavet til staten i høve til eit feedback-system der førstatleg politiske strukturar endrar seg gjennom å respondere på press. Denne respondansen kan til dømes skje gjennom å endre indre strukturar og gjennom tvang.

93. I handsaminga av politiske fraksjonar i borgarkrigane i Skandinavia i høgmellomalde- ren tek Bagge 1999 utgangspunkt i Fredrik Barth sin modell basert på Swat-stamma i det nordlege Pakistan. Element i Barth sin modell er drøfta på ein kritisk måte, og resultatet er såleis ikkje berre ei ny forståing av vennskapsrelasjonar i borgarkrigen, men også ein kommentar til validitetten til Barth sin teori som ein universell modell.

Det er slett ikkje sikkert at omgrep som 'førstatleg' og 'slektbasert' er i stand til å gripe det særskilde med europeiske statsstrukturar.⁹⁴ Eit anna problem med deler av denne antropologisk inspirerte forskinga er at eit statslaust samfunn gjerne er sett på som eit forstadium til det moderne samfunnet. Dermed kjem evolusjonismen inn bakdøra, men utan at dei teoretiske implikasjonane av dette er gjort eksplisitte.⁹⁵ Ei siste utfordring har å gjere med omgrepet 'statslaust samfunn'. Her møter ein dei same farane som gjorde seg gjeldande ved bruken av termen 'stat': omgrepet 'statslaust samfunn' kan like lite som det weberianske omgrepet 'stat' nyttast som ein generell karakteristikk av mellomalderen.⁹⁶

Alternativet til denne antropologiske tilnærminga har vore å etterrøke moderne innslag i mellomalderstaten. Strayer har som nemnt fokusert på utbygginga av ein tilsynelatande moderne statsadministrasjon i Frankrike under Filip den vene (1285–1314).⁹⁷ Eit fokus på institusjonelle variablar har også gjort seg gjeldande for England, hovudsakleg gjennom granskningar av framveksten av ein skriftleg statsadministrasjon i perioden 1100–1300.⁹⁸ Medan den antropologiske tilnærminga kan resultere i eit antikvarisk syn på mellomaldersamfunnet, kan freistnaden på å finne byrjinga på den moderne staten i mellomalderen lett gjere perioden for moderne. Eit anna problem med desse tilnærmingane er at dei ofte isolerer ein variabel innan ein nasjonal kontekst og overser at statsdanning omfattar langt meir vekst i institusjonar på sentralplan. Til

94. Master hevdar at skiljet mellom 'slektbaserte stammer' og ein 'territoriumbasert stat' verken er gangbart i skildringa av Palestina på 900-talet eller i forståinga av det moderne Midtausten: det finst ingen klare nivå, berre grader av sentralisering (D.M. Master, State Formation Theory and the Kingdom of Ancient Israel, i *Journal of Near Eastern Studies*, 60, 2000: 128–130). Også P. Crone, The Tribe and the State, i Hall 1994: 461 understrekar kompleksiteten ved å analysere overgangen frå eit stammesamfunn til den moderne staten.

95. For ein antropologisk kritikk av evolusjonære teoriar om politisk utvikling, sjå P.B. Rose, Practice and Political Centralisation: A New Approach to Political Evolution, i *Current Anthropology*, 1993, 34: 111–140.

96. Reynolds 2003: 552 kritiserer såleis synet på mellomaldersamfunnet som statslaust fordi det er avleia frå kjelder (krøniker og lover) som berre seier noko om eit lite sosialt segment.

97. Strayer 1970. Sjå også nedtoninga av moderniseringssynet i Strayer, *Philip the Fair*, Princeton 1980. For kritikk av Strayer som representant for eit moderniseringsparadigme, sjå F.L. Cheyette, The Invention of the State, i B.K. Lackner & K.R. Philp (eds.), *The Walter Prescott Webb Memorial Lectures. Essays on Medieval Civilization*, Austin 1978: 146–147. Cheyette meiner at Strayer argumenterer i sirkel: Moderne statar var skapt av institusjonar som føresette at ein såg på dei som moderne. Given 1990: 257 peiker på at Strayer si tilnærming har ein tendens til å oversjå den dialektiske relasjonen mellom sosial struktur og politiske relasjonar.

98. M.T. Clanchy, Does Writing Construct the State?, i *The Journal of Historical Sociology*, 2002, 15: 68–71.

dømes, det er ingen som nekta for at etableringa av ein skriftleg sentraladministrasjon i Frankrike på 1200- og 1300-talet var viktig i etableringa av eit skatte- og valdsmonopol. Ser me på andre variablar derimot, liknar ikkje Frankrike på ein moderne stat: territoriell samling kom seint, landet fekk ikkje sams lovgjeving før i 1806 og regionane gjorde seg sterkt gjeldande i administrasjonen av landet til langt ut på 1700-talet.

Den som kanskje har gått lengst i freistnaden på å modernisere mellomalderen er Susan Reynolds.⁹⁹ Reynolds meiner at mellomalderen har vorte vurdert som antikvarisk fordi ein har oversett det mangfaldet av kommunale organisasjonsformer som til dømes prestedøme, landsby, urbane samanslutningar og provinsar av ulike slag.¹⁰⁰ Det er på dette nivået at 'statsdanning' føregjekk, hovudsakleg som ei følgje av at sentralmynda mangla ein institusjonell infrastruktur naudsynt for integrasjonen av periferien. Problemet med tilnærminga er for det fyrste at argumentasjonen er henta frå politiske idear til lekmenn i mellomalderen. Med eit så pass avgrensa kjeldegrunnlag som ein mellomalderhistorikar har til rådvelde er det for så vidt heilt legitimt å nytte denne typen normative kjelder for deskriptive føremål. Men då er det viktig å skilje mellom analysen av statssystemet og statsideen.¹⁰¹ Det treng nemleg ikkje vere samsvar mellom ideen om staten og faktiske statsstrukturar. Om Reynolds hadde definert statsdanning i høve til etablering av ein statsidé ville tilnærminga vore uproblematisk; problemet er at føremålet er realhistorisk og deskriptivt i form av å skildre communalistisk aktivitet.¹⁰² For det andre, sjølv om Reynolds kan ha rett i at kommunalisme er viktig i forståinga av statsdanningsprosessen i perioden 1100–1300, er dette likevel berre ei side av ein prosess som også innebar institusjonell utvikling på sentralnivå. Denne interaksjonen mellom ulike nivå er utematisert hjå Reynolds. På eit synkront nivå vert det difor vanskeleg å få grep om nasjonal variasjon. I tillegg kan

99. S. Reynolds, *Kingdoms and Communities in Western Europe, 900–1300*, Oxford 1984. For ei oppsummering av argumentet, sjå P. Stafford, J.L. Nelson & J. Martindale, Introduction, i P. Stafford, J.L. Nelson & J. Martindale (eds.), *Law, laity and solidarities. Essays in Honour of Susan Reynolds*, Manchester 2001: 1–11.

100. Reynolds 1986. Sjå også Reynolds, *Fiefs and Vassals: the medieval evidence reinterpreted*, Oxford 1994. Denne revisjonen av feudalismen står i nært samband med synet på communalistisk handling.

101. Sjå P. Abrams, Notes on the Difficulty of Studying the State, i *Journal of Historical Sociology*, 1988, 1: 79.

102. I samband med Reynolds si sterke vekt på oppfatningane til lekmenn som skilt frå geistleg tanke har det vorte hevda, truleg med rette, at det heilage og det profane sameksisterer også i seinmellomalderen, sjå E.A.R. Brown, *Laity, laicisation and Philip the Fair of France*, i P. Stafford, J.L. Nelson & J. Martindale 2001: 200–217.

den einsidige vekta på kontinuiteten i kommunalistisk aktivitet lett ende i ei form for evolusjonisme.¹⁰³

Oppsummert er det fleire ting å merke seg ved denne drøftinga av teoretiske sider kring stat og statsdanning i mellomalderen. For det fyrste, sjølv om Weber sin idealtypiske definisjon av stat er vurdert som lite eigna for empirisk gransking, er den framleis utgangspunktet for freistnader på å definere 'stat' som ikkje utelukkar mangfaldet av statsliknande strukturar i mellomalderen. Statsdanningsprosessen startar såleis ikkje lenger i 1648, men må strekkast i alle fall eit halvt tusenår attende i tid. For det andre, statsdanning skjer på fleire nivå, og ei hovudutfordring for vidare forsking må såleis vere å identifisere desse nivåa, samt relasjonen mellom desse. Eit tredje punkt har å gjere med spørsmålet om brot versus kontinuitet i statsdanningsprosessen. Dei fleste er samde om at det ikkje er mogeleg å få grep om statsdanning ved å ty til den greie inndelinga i 'mellomalderen' og 'moderne tid' slik den ein gong blei nytta av Durkheim, Marx og Tönnies. Overgangen frå eit såkalla statslaust samfunn til ein stat er derimot mykje diskutert. Truleg er det for tidleg å trekke konklusjonar, men ofte av den seinare forskinga på mellomalderstaten har gått i retning av å understreka kontinuiteten til den tidleg moderne staten. For det fjerde, både den antropologiske og den modernitetsteoretiske tilnærminga har mange teoretiske og metodiske problem, men båe har ein tendens til å isolere einskilde variablar og dermed lukke augo for alternative tilnærmingar. Det siste punktet som har stått sentralt i mellomalderforskingsa er spørsmålet om kva forklaringskraft som bør tilleggast den kulturelle faktoren. Heller ikkje her er det semje, men som me skal sjå, nyare empirisk undersøkingar har via mykje merksemld til kulturelle sider ved statsdanningsprosessen.

NYE EMPIRISKE VARIABLAR I STUDIET AV STAT OG STATSDANNING

Åtte empiriske variablar har særleg gjort seg gjeldande i nyare forsking: (1) patrimoniale band; (2) regionar; (3) skriftleg administrasjon; (4) eliterelasjonar; (5) religion; (6) representasjon; (7) bydanning; (8) krig og finansiering av krigføring. Berre tre av variablane

¹⁰³. Denne kritikken liknar på innvendingar retta mot P. Blickle si hypotese om den sterke kommunalismen som prega Tyskland i tidleg moderne tid, sjå B. Scribner, *Communities and the Nature of Power*, i B. Scribner (ed.), *Germany. A New Social and Economic History. Volume I. 1450–1630*, London 1996: 294: «... in Bickle's version the communalism thesis has come to resemble a Neo-Whig interpretation of German history, establishing an anti-authoritarian, popular representative tradition.»

er strengt tatt nye (2, 3, 5), medan resten også figurerte i eldre forsking. Me har såleis mest å gjøre med nye tilnærmingar til gamle problem, stundom rettleia av den teoretiske nytenkinga skissert ovanfor. I det følgjande vil eg drøfte sentrale sider ved desse variablene.

PATRIMONIALE BAND

Eit fokus på patrimoniale band er ikkje eit nytt tema. Patrimoniale band refererer i ei meir avgrensa tyding til maktstrukturar etablerte og oppretthaldne gjennom arv. I ei noko vidare tyding er omgrepene gjerne nyttar for å karakterisere politiske system der personlege band står sentralt og der institusjonar i stor mon vantar. Weber, til dømes, konseptualiserte statsdanning som ei rørsle frå ein samfunnsformasjon tufta på karismatisk herredøme og uformaliserte relasjonar mellom sosiale grupper til den moderne staten karakterisert av sekularisering og rasjonalisering. Det nye med denne forskinga er for det fyrste innsikta i kompleksiteten og stabiliteten til desse banda. Karl Leyser hevdar såleis at det var nettopp eksistensen av eit mangfold av uformaliserte 'spele-reglar' for regulering av relasjonar mellom sosiale lag som skapte orden i samfunn som mangla statlege institusjonar.¹⁰⁴ Leyser fokuserte særskild på det ottanske og tidleg saliske Tyskland (900–1000-talet). Seinare har denne innsikta vorte nyttar for å kaste ljós over ei mengd geografiske kontekstar gjennom heile den europeiske mellomalderen: statsdanning har vorte framstilt som ein prosess der ei mengd patrimoniale band gradvis blir erstatta av institusjonar som såleis avpersonaliseerde mynderelasjonar.

Ei anna ny innsikt er at slike band ikkje berre er operative i statslause samfunn, men også kan vere utslagsgjevande i statsdanningsprosessen i tidleg moderne tid. Nyare forsking om innføringa av den eineveldige staten i Frankrike har fjerna seg frå det gamle synet som framstilte eineveldet som ei følge av administrativ sentralisering og rasjonalisering. I staten har det vorte framheva korleis staten i lang tid framover måtte forhandle med lokale elitar så vel som med regionale representative forsamlingar. Tyngda til slike patrimoniale band er ikkje berre påviste i

^{104.} Sjå K. Leyser, *Rule and Conflict in an Early Medieval Society, Ottonian Saxony*, Oxford 1989; Leyser, *Communication and Power in Medieval Europe*, Vol. I-II, London 1994. Sjå også H. Keller, *Zwischen regionaler Begrenzung und universalem Horizont. Deutschland im Imperium der Salier und Staufer 1024 bis 1250*, Berlin 1986; G. Althoff, *Spielregeln der Politik im Mittelalter. Kommunikation in Frieden und Fehde*, Darmstadt 1996; Althoff, *Die Macht der Rituale. Symbolik und Herrschaft im Mittelalter*, Darmstadt 2003.

Frankrike,¹⁰⁵ men også i dei tre statane som vert rekna som dei mest 'moderne' i tidleg moderne tid, nemleg England,¹⁰⁶ Nederland¹⁰⁷ og Preussen.¹⁰⁸

Kontinuiteten til patrimoniale band får dermed fleire følgjer: skiljet mellom statsdanning i mellomalderen og tidleg moderne tid vert mindre klårt, samstundes som dei anakronistiske implikasjonane av å operere med eit moderne statsomgrep i tilnærminga til den tidleg moderne staten er openbare. Dikotomien stat=samfunn vert også råka, all den tid patrimoniale band eksisterer på kryss og tvers av sosiale relasjonar. Styrken til desse banda får også følgjer for synet på tilhøvet mellom det vestlege og det austlege Europa generelt og det som har vorte kalla den aust-europeiske bakevja (*backwardness*) særskild: dersom patrimoniale band stod så sterkt i Vest-Europa som nyare forsking vil ha det til, problematiserer dette synet på at austeuropeisk underutvikling i all hovudsak skuldast at patrimoniale band hindra modernisering.¹⁰⁹

REGIONAR OG ANDRE PERIFERIAR

Det andre punktet, regionar, er ved fyrste augekast nært knytt saman med punktet om patrimoniale band då det gjerne var i regionane desse banda stod sterkest. Sverre Bagge tek, i ei skisse over statsdanning i Noreg i mellomalderen, til orde for at granskingsar i europeisk statsdanning bør handsame regionar meir enn statar.¹¹⁰ Reynolds sitt argument om at statsdanningsprosessen i perioden 1100–1300 hovudsakleg var eit kommunalistisk prosjekt, representerer ei anna side av denne saken. For tidleg mellomalder er Matthew Innes inne på liknande tankar: statsdanning i tidleg mellomalder skjer på lokalt nivå og er prega av den formidlande rolla til aristokratiet i relasjonen mellom det politiske senteret og perife-

^{105.} Sjå D. Parker, *The making of French absolutism*, London 1983; W. Beik, *Absolutism and Society in Seventeenth-Century France. State Power and Provincial Aristocracy in Languedoc*, Cambridge 1985; R. Muchembled, *Popular Culture and Elite Culture in France 1400–1750*, Baton Rouge 1985; Smith 1993; J.R. Major, *From Renaissance Monarchy to Absolute Monarchy. French Kings, Nobles & Estates*, Baltimore 1994; N. Henshall, *The Myth of Absolutism. Change and Continuity in Early Modern European Monarchy*, London 1996; W. Doyle (ed.), *Old Regime France, 1648–1788*, Oxford 2001.

^{106.} Braddick 2000.

^{107.} Adams 1994.

^{108.} R. Blänske, «Absolutismus» und «frühmoderner Staat». Probleme und Perspektiven der Forschung, i R. Vierhaus (ed.), *Frühe Neuzeit – Frühe Moderne? Forschungen zur Vielschichtigkeit von Übergangsprozessen*, Göttingen 1992: 48–75; Gorski 1993; S. Ogilvie, The State in Germany. A Non-Prussian View, i Brewer & Hellmuth 1999: 167–202.

^{109.} D. Chirot, *The origins of backwardness in Eastern Europe. Economics and politics from the Middle Ages until the early twentieth century*, Berkeley 1989.

^{110.} Bagge 1989: 145.

rien.¹¹¹ Når det gjeld seinmellomalderen, har James B. Given analysert sambandet mellom lokale strukturar i Gwynedd og Languedoc og dei større politiske einskapane, høvesvis England og Frankrike. I følgje Given forklarar den sterke institusjonaliseringa av lokal politisk autoritet at Languedoc var i langt betre stand enn Gwynedd til stå imot framstøyt frå statsmynda.¹¹²

Den same vekta på det regionale er også synleg i forsking om den tidleg moderne staten, framheva gjennom omgrepene 'den samansette staten' (*composite state*).¹¹³ R. L. Hopcroft talar om regionale verknader og understrekar at lokale økonomiske institusjonar spela ei viktig rolle i statsdanningsprosessen.¹¹⁴ Indirekte skattelegging var til dømes ei av årsakene til stabiliteten til demokratiet i England, og dette hadde nettopp å gjere med styrken til regionar som gjorde det vanskeleg å få gjennomført direkte skattlegging. I følgje Hopcroft er det naudsynt å utvikle ein teori om økonomisk utvikling som er i stand til å forklare rolla til regionale økonomiske institusjonar.¹¹⁵ J.D. Tracy meiner at provinsstyret er nøkkelen til å forstå kvifor Holland utvikla seg til ein meir einskapleg stat under Habsburgstyret (1506–1566).¹¹⁶ For Noreg sin del har Øystein Rian undersøkt dei mangfaldige institusjonaliserte og ikkje-institusjonaliserte relasjonane mellom ein region (Bratsberg) og staten på 1600-talet.¹¹⁷ Fleire har også teke til orde for eit nærrare samarbeid mellom den

111. I følgje Innes 2001: 259 kan politikk i denne perioden ikkje vurderast som ein strid mellem konge og aristokrati der fyrstnemnde representerer sentralisering og sistnemnde fragmentering. For den tidleg moderne perioden, sjå G.E. Aylmer, *Centre and Locality: The Nature of Power Elites*, i Reinhard (ed.), *Power Elites and State Building*, Oxford 1996: 59–77.

112. Given 1997. Sjå også S.G. Ellis, *Civilizing Northumberland: Representations of Englishness in the Tudor State*, i *Journal of Historical Sociology*, 12: 103–127.

113. Omgrepet har sitt opphav hjå H.H. Koenigsberger, *Dominium Regale or Dominium Politicum et Regale: Monarchies and Parliaments in Early Modern Europe*, i H.H. Koenigsberger, *Politicians and Virtuous. Essays in Early Modern History*, London 1986: 1–27. Sjå også J.H. Elliot, *A Europe of Composite Monarchies*, i *Past and Present*, 1991, 137: 48–71; E. Guarini, Center and Periphery, i *The Journal of Modern History*, 1995, 67: 84.

114. M. Hechter & W. Brustein, *Regional Modes of Production and Patterns of State Formation in Western Europe*, i *The American Journal of Sociology*, 1980, 85: 1061–1094 freister å forklare statsdanning på 1600-talet ved å syne til fordelinga av tre distinkte produksjonsmåtar: 'sedentary pastoral', 'petty commodity' og 'feudal'.

115. Hopcroft 2001.

116. To 'myter' kan i følgje Tracy forklare den manglande merksemda mot provinsstyret: den merksemda som tradisjonelt har vorte retta mot nasjonal integrasjon. For det andre, tidlegare forsking har lagt for stor vekt på striden mellom provinsane og representative einskapar der sistnemnde forsvarte religiøs og politisk fridom i kampen mot utanlandsk tyranni. Mot slutten av den habsburgske perioden var den nederlandske einskapen tufta på provinsinstitusjonar, regionalt ansvar for skattlegging og ein type politisk medvit som fokuserte på ideen om forsvar av provinsprivilegium (J.D. Tracy, *Holland under Habsburg rule, 1506–1566*, Berkeley 1990: 5, 209).

117. Ø. Rian, *Bratsberg på 1600-tallet: stat og samfunn i symbiose og konflikt*, Oslo 1997.

nyare sosialhistoria og tilnærmingar til statsdanning, for dermed å vere i stand til å konstruere meir dynamiske modellar som tek omsyn til lokale maktnettverk.¹¹⁸

Det må understrekast at den regionale faktoren på ingen måte var utelete av historiske sosiologar: Elias, Bendix, Rokkan, Mann og Tilly nyttar alle sentrum–periferi-modellar. Likevel finn me skilnader jamført med nyare forsking. For det fyrste, tidlegare forsking vurderer i stor grad periferien som økonomisk, politisk og kulturelt underordna sentrum og såleis ute av stand til å utvikle seg på eigne premiss. Nyare forsking har derimot synt at periferien på ingen måte var fullstendig underlagt sentrum. Tvert om, den var i stand til å utvikle seg sjølvstendig innanfor større rammer. I tillegg var graden av statleg integrasjon i mange høve avhengig av ei aktiv deltaking frå regionane si side.¹¹⁹ For det andre, i tråd med utvidinga av statsomgrepet har også periferi- og sentrumsomgrepa blitt differensierte: det finst ei mengd periferiar som står i relasjon til fleire sentrum så vel som til andre periferiar.¹²⁰ Periferiar sin rolle i patrimoniale system har såleis underminert dikotomiane samfunn/stat–periferi.¹²¹ Michael J. Braddick argumenterer såleis for at det var lokale offentlege embetsmenn – dommarar, skatteinnkrevarar og prestar – som batt den engelske staten saman på 1500-talet.¹²² For det tredje, medan rivalisering mellom føydalmakter (Elias) eller tidleg moderne statar (Tilly) gjerne har vorte sett fram som forklaringsfaktorar for statsdanning, har nyare forsking peika på at den same rivaliseringa og konkurransen like gjerne kan stamme frå styrken

118. K. Wrightson, The Politics of the Parish in Early Modern England, i P. Griffiths, A. Fox & S. Hindle (eds.), *The Experience of Authority in Early Modern England*, Basingstoke 1996: 30: «If more refined models can be developed, they must be ones which leave more room for the contingent element in social processes, for the peculiar configurations of structure, circumstance and individual agency which could prove vitally important in the experience of particular places. Moreover, they must make due allowance for the dynamism and mutability of social formations.» For liknande syn, sjå G. Harriss, Political Society and the Growth of Government in Late Medieval England, i *Past and Present*, 1993, 138: 28–57.

119. Greengrass 1991: 19.

120. G.E. Aylmer, Centre and Locality: The Nature of Power Elites, i Reinhard 1996: 59–77.

121. Guarini 1995: 89–90 hevdar at nyare italiensk forsking har omdefinert 'sentrum' gjennom å lokalisere organiseringa av makt i eit patrimonialt system. Dette har i sin tur leia til ei ny interesse for periferien.

122. Braddick 2000: 19: «There was a state in England in 1550 in the sense that there was a network of offices wielding political power derived from a coordinating centre by formal means – commission, charter of specific command.» Sjå også J.R. Kent, The Centre and the Localities: State Formation and Parish Government in England, Circa 1640–1740, i *The Historical Journal*, 1995, 38: 365. Kent hevdar at utbygging av institusjonar berre var ei side i statsdanningsprosesen i England i perioden 1640–1740, og at vilja til regionale elitar til å utføre staten sin politikk var minst like viktig.

til regionale sentra. Statsdanninga innan det tyske imperiet i seinmel-lomalderen og tidleg moderne tid er illustrerande: interaksjonen mellom fleire fyrstedøme og dei sentrale institusjonane til *Reich* førte til statsdanning på regionalt nivå, men utan at imperiet gjekk fullstendig i opploysing.¹²³

SKRIFTKULTUR OG STATSDANNING

Ein tredje variabel som har vore via mykje merksemrd er rolla til skrift generelt og skriftleg administrasjon særskild. I følgje den såkalla skrift-kulturforskinga¹²⁴ er skrift viktig for å skape eit stabilt einskapleg lovverk som i sin tur kan danne utgangspunktet for ein skriftleg administrasjon med ansvar for ei rekke fundamentale statlege oppgåver, inkludert skat-teinnkrevjing. Kodifisering av lov har såleis ei viktig rolle å spele i stats-danningsprosessen, hovudsakleg ved at skriftleg lov skaffa til vege instru-ment som kunne etablere kontroll over undersåttane.¹²⁵ Dette føresette på ingen måte oppfinninga av prentepressa. I mellomalderforskinga har det vorte understreka at ein manuskriptkultur ikkje var eit hinder for framveksten av ein etter måten effektiv administrasjon tufta på skrift.¹²⁶ Det beste dømet er England: utviklinga av ein skriftleg administrasjon frå midt på 1000-talet kan forklare eitt karakteristisk trekk med engelsk statsdanning, nemleg korleis sterkt regionalisme med indirekte skattleg-ging kunne leie til tidleg statsdanning.¹²⁷

Når det gjeld tidleg moderne tid, har oppfinninga av prentepressa naturleg nok fått mykje merksemrd. Prent er vurdert som særstakt viktig for å forklare framveksten av den eineveldige staten: eineveldet føresette eit byråkrati som var i stand til å regulere administrasjonen på region- og

123. D. Willoweit, The Holy Roman Empire as a Legal System, i Padoa-Schioppa (ed.), *Legislation and Justice*, Oxford 1997: 123–129; K. Nehlsen-von Stryk, The Centralization of Justice and the Formation of a Judicial Hierarchy in the Early Modern State: The Principality of Hesse, i Padoa-Schioppa 1997: 131–157.

124. For ei historiografisk oversikt, sjå L. Melve, *Med ordet som våpen. Tale og skrift i vestleg historie*, Oslo 2001; Melve, Literacy–Aurality–Orality: A Survey of Recent Research into the Orality/Literacy Complex of the Latin Middle Ages (600–1500), i *Symbolae Osloenses*, 2003, 78: 143–198.

125. T. Lindkvist, Law and the Making of the State in Medieval Sweden: Kingship and Com-munities, i Padoa-Schioppa 1997: 211–228; H. de Schepper & J.-M. Cauchies, Legal Tools of the Public Power in the Netherlands, 1200–1600, i Padoa-Schioppa 1997: 266: “Alongside justice ... grace, finances, and war, the law deserves to be categorized more than is usually the case as one of the great resources of the ‘modern state’.”

126. Sjå A. Gouron, Royal ordonnances in Medieval France, i Padoa-Schioppa 1997: 57–69; A. Rigaudière, Issues at Stake in the Development of the State: Devising and Drafting the Law in Fourteenth-Century France, i Padoa-Schioppa 1997: 73–101.

127. Pionerverket her er M. Clanchy, *From memory to written record: England 1066–1307*, Oxford 1993.

lokalnivå.¹²⁸ Nasjonaliseringa av territorialstaten var også avhengig av prenta materiale, då oppkomsten av ei mengd nye skriftlege uttrykk leia til kulturell homogenisering av i alle fall dei øvste laga av folket.¹²⁹ Men også lågare sosiale lag blei gradvis innlemma i informasjonsstraumen frå prentepressa. Peter Burke har truleg eit poeng når han talar om politiseringa av den folkelege kulturen i perioden 1500–1800 – ei politisering som hadde ein føresetnad i spreilinga av prenta materiale på landsbygda.¹³⁰

Nyare forsking om rolla til ein skriftleg administrasjon i statsdanningsprosessen har ført til at me veit mykje meir både om framveksten av ein skriftleg administrasjon og om graden av lese- og skrivekunne – i mellomalderen så vel som i tidleg moderne tid.¹³¹ Dette er i sin tur ein føresetnad for å nytte utbreiing av skrift som variabel i forklaringa av stats- og nasjonsdanning, anten ein no fokuserer på sentralisering av mynde eller regionane si rolle i denne prosessen. Det ein likevel manglar er teoribygging som vurderer skrift i høve til andre variablar i statsdanningsprosessen. Dei få som finst, er for nært knytt opp mot dei tidlege strukturalistiske 'literacy-teoriane' til å få grep om kompleksiteten i statsdanningsprosessen.¹³²

ELITERELASJONAR

Eliterelasjonar er eit fjerde viktig punkt i nyare forsking kring statsdanning. Elitar har ei sentral rolle å spele i alle samfunnsformasjoner.¹³³ Eldre forsking hadde ein tendens til å setje likskapsteikn ved sterke eliterelasjonar og ei personleg kongemakt. I forlenginga av dette blei den personlege kongemakta i mellomalderen sett på som motstykket til den moderne byråkratiske staten. I desse arbeida var soga om staten difor

^{128.} Sjå B. Durand, Royal Power and its Legal Instruments in France, 1500–1800, i Padoa-Schioppa 1997: 291–312. Durand peiker på at lovgjeving auka sterkt i løpet av 1500-talet og at dette indikerer ein intensjon om å styrke kongemakta. Særleg skulle munnleg sedvane nedfesta i skrift.

^{129.} Mykje av debatten har teke utgangspunkt i tobandsverket til E. Eisenstein, *The Printing Press as an Agent of Change. Communications and Cultural Transformations in Early-Modern Europe*, Cambridge 1979.

^{130.} P. Burke, *Popular Culture in Early Modern Europe*, Aldershot 1988 (1978): 259–269.

^{131.} Me veit mykje om skriftkulturen i tidleg mellomalder, samt England, Frankrike, Italia, og Russland i høg- og seinmellomalderen. Når det gjeld tidleg moderne tid, finst det ei rekke punktstudiar. Mykje av denne forskinga fokuserer på framveksten av lese- og skrivekunne – lesehistorie, bokhistorie.

^{132.} Sjå til dømes J. Goody & I. Watt, The Consequences of Literacy, i J. Goody (ed.), *Literacy in Traditional Societies*, Cambridge 1968.

^{133.} Sjå til dømes J.H. Kautsky, *The Politics of Aristocratic Empires*, Chapel Hill 1980; P. Crone, *Pre-Industrial Societies*, Oxford 1989.

definert som institusjonshistorie – som ei soge om korleis ein byråkratisk stat gradvis eliminerte funksjonen til eliterelasjonar.

Nyare forsking har gått ut over ein slik ståstad på i alle fall to punkt. For det fyrste, det er ikkje slik at elitar og eliterelasjonar brått misser makta over statsstyret i tidleg moderne tid. Kontinuiteten til patrimoniale band frå mellomalderen til tidleg moderne tid har vorte nemnt, institusjonalisert i hoffa, som gjorde seg gjeldande som ein maktfaktor langt ut på 1700-talet.¹³⁴ Det same gjeld makta til lokale elitar. Nyare forsking om institusjonar (*new institutionalism*) har vidare synt at institusjonar og byråkrati ikkje er føremålsrasjonaliteten sin fremste forfektar, heva over subjektive interesser. Tvert om, dei kan manipulerast, både ovanifrå frå ein styrar og nedanifrå i form av press frå interessegrupper.¹³⁵ Som me såg, utnemninga av pietistiske embetsmenn er rekna som viktig for å forstå den raske statsdanninga i Preussen på 1600-talet, medan utstrakt kjøp og sal av embete i Frankrike på 1500- og 1600-talet sikra elitar ei viktig rolle både i den sentrale og den lokale administrasjonen.¹³⁶ I Skandinavia har nyare forsking om embetsstanden konkludert med at standen truleg var langt sterkare og forsvarte seg betre mot den dansk-norske staten sine eineveldige tendensar enn det ein tidlegare trudde.¹³⁷

Truleg har det mykje føre seg å skilje mellom ein periode av institusjonell etablering og periodar av institusjonell konsolidering. Med andre ord, dei faktorane som forklarar oppkomsten til eitt sett av statsstrukturar kan vere forskjellige frå dei som forklarar at institusjonane overlever over tid.¹³⁸ Nyare forsking har difor handsama ulike typar av eliterelasjonar meir inngåande. Medan fokuset tidlegare låg på formaliserte eliterelasjonar – til dømes i representative forsamlingar – har merksemda den seinare tida vore retta mot mindre formaliserte relasjonar. Desse kan ta mange former: alt ifrå ad hoc-relasjonar i høve til ei einskild hending –

¹³⁴. Nyare forsking er såleis sterkt kritisk til Elias si tese om at hoffsamfunnet vart utkonkurert av borgarskapen i tidleg moderne tid. For nyare perspektiv på hoffet si politiske rolle, sjå A.G. Dickens (ed.), *The Courts of Europe, Thamess 1977; R.G. Asch & A.M. Birke (eds.), Princes, Patronage, and the Nobility: The Court at the Beginning of the Modern Age, c. 1450–1650*, Oxford 1991; J. Adamson (ed.), *The Princely Courts of Europe. Ritual, Politics and Culture under the Ancien Régime 1500–1750*, London 1999.

¹³⁵. Sjå forskingsprogrammet som er lagt fram i den no klassiske artikkelen til March & Olsen 1994.

¹³⁶. R. Lachmann argumenterer såleis for at framveksten av den eineveldige staten må forståast i høve til både ein horizontal og ein vertikal dimensjon. Monarkar si evne til å gjennomføre strategiar som fremja vertikalt og horisontalt eineveldig styre var avhengig av eliterelasjonar både i England og Frankrike (R. Lachmann, Elite Conflict and State Formation in 16th and 17th-Century England and France, i *American Sociological Review*, 1989, 54: 141–162).

¹³⁷. For ei oppsummering av debatten, sjå Ø. Rian, *Embetsstanden i dansketida*, Oslo 2003.

¹³⁸. Krasner 1984: 240.

til dømes val av tronpretendent – til langvarig samarbeid der konsekvensane ikkje alltid er intenderte av dei involverte aktørane.

Desse to nye tilnærmingane til eliterelasjonar har i sin tur leia til at sider ved den eldre forskinga har vorte kritiserte. Frå ei side har dei underminert mykje av den eldre marxistisk funderte forskinga som analyserte eliterelasjonar i klasseterminologi: relasjonane endrar seg ikkje med overgangen frå ein produksjonsmåte til ein annan, og dei treng heller ikkje å vere stabile innanfor ein produksjonsmåte. Frå ei anna side har synet på eliterelasjonar som hindring for statsdanning blitt kritisert. Eliterelasjonar er ein del av alle samfunnsstrukturar; det er såleis ikkje eksistensen av relasjonen i seg sjølv som bør setjast under lupa, men kva funksjon og følgjer den har i ein gjeven periode.¹³⁹ Eliterelasjonar har i mange høve fungert stabilisande og statsbyggjande, til dømes i det ottoske Tyskland og i Skandinavia i tidleg- og høgmellomalderen. Kompleksiteten til eliterelasjonar som forklaringsvariabel har truleg gjort sitt til at det endå ikkje finst ein teori som set eliterelasjonar som variabel i samband med andre faktorar i statsdanningsprosessen.

RELIGION

Det femte momentet, religion, var tidlegare sett på som ein faktor som hindra statsdanning.¹⁴⁰ Forsking var lenge så opphengt i rivaliseringa mellom stat og kyrkje at den oversåg at kyrkja i mange høve kunne fungere statsbyggjande.¹⁴¹ Nyare forsking har i større grad understreka samarbeidet mellom kyrkje og stat. Dette samarbeidet hadde ei institusjonell, ei ideologisk og ei politisk side. Når det gjeld det institusjonelle aspektet, har nyare forsking peika på at kyrkjerett i mange høve tente som modell for det verdslege juridiske hierarkiet. Særleg konseptet om det pavelege primatet, kyrkjeleg jurisdiksjon, lovgjeving og embetstenking var viktige

139. Sjå til dømes R. Descimon, *Power Elites and the Prince: The State as Enterprise*, i Reinhard 1996: 101–121. Det var hovudsakleg tre element som knytta eliten til staten: 1. Politiske, som sikra eliten legitimitet. 2. Sosiale, som refererer til rekrutteringa av statlege embetsmenn. 3. Økonomiske, som sikra embetsmenna løn og privilegiar. Sjå også A. Maczak, *The Nobility-State Relationship*, i Reinhard 1996: 189–206.

140. Den historiske sosiologien oppdaga religion tidleg. Eller for å vere meir nøyaktig, den oppdaga reformasjonen og korleis dette i følge Bendix og Rokkan var ein føresetnad for nasjonsdanning. Dette har igjen samanheng med den weberianske ramma: statsdanning er knytt saman med rasjonalisering og sekularisering. Det ideologiske hegemoniet til pavekyrkja måtte såleis først skiplast. Andre, slik som Mann og Runciman, understrekar at religion er den kanskje viktigaste ideologiske kjelda til makt.

141. Dette gjeld ikkje berre eldre forsking. Sjå til dømes M. van Creveld, *The Rise and Decline of the State*, Cambridge 1999. Van Creveld framstiller statsdanning som staten sin kamp mot kyrkja, det tysk-romerske riket, adelén og til slutt byane. Fyrst i den eineveldige perioden (1648–1789) lukkast det staten å oppnå sjølvstende.

modellar.¹⁴² I tillegg utvikla det seg allereie på 1200-talet noko som liknar på ein administrativ klasse i kyrkja – ein klasse ordna i eit hierarki og med særleg kompetanse og ansvarsområde. Ikkje uventa fungerte biskopar og andre kyrkjemenn som statlege embetsmenn både i seinmellomalderen og tidleg moderne tid.¹⁴³

Frå ein ideologisk ståstad var styringsideologien heilt fram til den franske revolusjonen basert på monarken sitt guddommelege mandat. Statsdanningsprosessen i Karolingarriket, først og fremst under Karl den Store, kan vanskeleg forklara utan å røre ved det nære samarbeidet mellom kyrkje og stat i perioden. Dette samarbeidet skaffa ikkje berre til vege ein ny styringsideologi, men la også tilhøva til rette for reform av utdanning og lovverk og med dette ein skriftleggjering av administrasjonen.¹⁴⁴ Rolla til religion i tidleg moderne tid er slettest ikkje noko mindre. Det finst vel knapt ein storpolitisk konflikt mellom 1500 og 1700 som ikkje hadde eit sterkt religiøst innslag.¹⁴⁵ Trettiårskrigen (1618–48) som omkalfatra det europeiske statssystemet er med rette vorte kalla Europa sin religionskrig.¹⁴⁶ I England var både borgarkrigen og den 'ærerike revolusjonen' (1642–49) meir ein religiøs strid enn ein konstitusjonell konflikt mellom konge og parlament.¹⁴⁷

Økonomisk var sjølvsagt ikkje kyrkja isolert frå den verdslege verda. Tvert om, det tette samarbeidet med den verdslege makta innlemma kyrkja i patrimoniale strukturar tufta på slektsrelasjonar og arvestrategiar.¹⁴⁸ Institusjonen var også den største godseigaren heilt opp til reformasjonen, noko som i sin tur leia til store konfliktar med den verdslege

142. A. Padoa-Schioppa, *Hierarchy and Jurisdiction: Models in Medieval Canon Law*, i Padoa-Schioppa 1997: 1–15; U. Wolter, *The officium in Medieval Ecclesiastical Law as a Prototype of Modern Administration*, i Padoa-Schioppa 1997: 17–36.

143. Sjå til dømes A.I. Risøy, *Stat og kirke. Rettsutøvelsen i kristenrettssaker mellom sættargjerdet og reformasjonen*, Oslo 2004. For eit meir generelt overblikk, sjå A. Padoa-Schioppa, *Conclusions: Models, Instruments, Principles*, i Padoa-Schioppa 1997: 313–334.

144. For ei oversikt over nyare forsking, sjå R. McKitterich (ed.), *The New Cambridge Medieval History, c. 700–c. 900*, Cambridge 1995.

145. For nyare bidrag som legg vekt på den religiøse dimensjonen i europeisk storpolitikk, sjå M.P. Holt, *The French Wars of Religion, 1562–1629*, Cambridge 1995; J. Israel, *The Dutch Republic. Its Rise, Greatness, and Fall 1477–1806*, Oxford 1995; J. Goodare, *State and Society in Early Modern Scotland*, Oxford 1999; PH. Wilson, *The Holy Roman Empire 1495–1806*, Basingstoke 1999; S. Brigden, *New Worlds, Lost Worlds. The Rule of the Tudors 1485–1603*, London 2000; A.D. Wright, *The Early Modern Papacy. From the Council of Trent to the French Revolution*, London 2000.

146. Sjå R.G. Asch, *The Thirty Years War. The Holy Roman Empire and Europe, 1618–1648*, Hampshire 1997.

147. Sjå gjennomgangen av nyare forsking i N. Carlin, *The Causes of the English Civil War*, Oxford 1999; B. Coward, *The Stuart Age. England, 1603–1714*, London 2003.

148. Innes 2001: 49.

makta. Fleire av desse konfliktane, investiturstriden (1050–1122), konflikten mellom kong Filip den vene og pavedømet (c. 1290–1312) og sjølvsagt reformasjonen på 1500-talet, resulterte i politisk-teoretisk klårgjering av tilhøvet mellom den religiøse og den verdslege makta.¹⁴⁹ Reformasjonen og den påfølgjande sekulariseringa av kyrkjegods fekk naturleg nok store følgjar, også for statsdanning. I denne samanhengen har nyare forsking understreka at den protestantiske reformrørsla langt frå var ei sjølvstendig rørsle rettleia av religiøse ideal, men ofte vart dratt inn i maktspel og dermed nytta av fyrsten for verdslege føremål.¹⁵⁰ På denne måten forsterka reformasjonen allereie eksisterande konfliktar som i sin tur kunne leia til lausriving og statsdanning. Likevel er det vanskelegare å tale om reformasjonen som ein uavhengig variabel i statsdanningsprosessen. Kanskje var reformasjonen si verknad på statsdanning meir indirekte, nemleg å stimulere til auka lese- og skrivekunne på morsmålet og såleis for ein tettare interaksjon mellom statsmynda og sentrumet. Det er i denne samanhengen at Euan Cameron hevdar at reformasjonen gjorde religion til massepolitikk og såleis la grunnlaget for den seinare nasjonaliseringa av denne massepolitikken.¹⁵¹

I operasjonaliseringa av religion må den regionale manifestasjonen stå i sentrum. Nyare forsking har understreka den store regionale variasjonen i utøvinga av den katolske kristendommen. Ei vekt på regional variasjon er minst like viktig i etterreformatorisk tid.¹⁵² Og dersom religion var den viktigaste kulturelle krafta i einsretting av periferien,¹⁵³ får spørsmålet om legitimitet og disiplinering ny aktualitet:¹⁵⁴ korleis skil denne disiplineringa av undersåttane seg frå mellomalderen sine legitimgingsstrategiar?

149. Sjå L. Melve, *The medieval public sphere. Continuity and innovation in the polemical literature of the Investiture Contest*, upubl. dr.art.-avhandling, Bergen 2004.

150. K. Hørby, Church and State in Medieval and Early Modern Denmark, i Padoa-Schioppa 1997: 197–209.

151. E. Cameron, *The European Reformation*, Oxford 1991: 442.

152. Cameron 1991: 49–69; R. Bizzocchi, Church, Religion, and State in Early Modern Period, i *The Journal of Modern History*, 1995, 67: 152–165.

153. I følgje Clark 1995: 335 lukkast det franske monarkiet betre enn det engelske i å tilegne seg ressursar som kunne nyttast for å påverke periferien kulturelt. Braddick 2000: 313 understrekar at manglende religiøs uniformitet var utslagsgjevande i samanbrotet til den engelske statsmynda i 1640.

154. P. Schiera, Legitimacy, Discipline, and Institutions: Three Necessary Conditions for the Birth of the Modern State, i *The Journal of Modern History*, 1995, 67: 25.

REPRESENTASJON

Det sjette punktet, representasjon, er også eit klassisk emne innanfor statsdanningslitteraturen. Den tidlege historiske sosiologien sette likskap mellom representative institusjonar og seinare demokratisering: einevelde føresette eit byråkratisk statsapparat, medan konstitusjonalisme innebar fråvær av byråkrati.¹⁵⁵ Kritikk let ikkje vente på seg. Særleg vart retninga skulda for å ha eit overforenkla syn på representative institusjonar. Desse institusjonane stod ikkje nødvendigvis i samband med eit demokratisk styresett. Tvert om, representative institusjonar hadde ved fleire høve ein viktig funksjon i sentralmynda sin freistnad på å introdusere einevelde. Nyare historisk sosiologi har derimot teke innover seg denne kritikken og i stor mon tona ned rolla til representative institusjonar i statsdanningsprosessen.¹⁵⁶ I tråd med eit slikt syn har forklaringsfaktorane vorte fleire. Thomas Ertman, til dømes, freistar å forklare variasjonen i politiske regime og representative institusjonar på kontinentet på 1600- og 1700-talet ved å syne til ei rekke variablar. Desse inkluderer organiseringa av lokalstyre, verknaden av krigføring på ulike tidspunkt i statsdanningsprosessen og funksjonen til representative forsamlingar på administrative og finansielle institusjonar.¹⁵⁷ Nyare historisk sosiologi har også teke omsyn til at staten ikkje brått oppstod i tidleg moderne tid, men har ei forhistorie. Så der Moore på 1960-talet meinte at demokratiske statar er kjenneteikna av at representative institusjonar hindra innføringa av einevelde, går Brian M. Downing tretti år seinare attende til mellomalderen og hevdar at dei representative institusjonane som oppstod i denne perioden la grunnlaget for det seinare liberale demokratiet.¹⁵⁸

Innan historiefaget har ein i større grad fokusert på variasjonar i

^{155.} Den klassiske framstillinga av dette er Hintze. Han argumenterer at dess større militære trugsmål ein middelalder- eller moderne stat stod ovanfor, dess større var sjansane for at staten ville lukkast i å underminere representative institusjonar og lokalt sjølvstyre og skape ein eineveldig stat med ein ståande hær og eit stort byråkrati. For kritiske syn, sjå Spruyt 1994; Ertmann 1994; Ertman, Explaining Variation in Early Modern State Structure. The Cases of England and the German Territorial States, i Brewer & Hellmuth 1999: 23–52.

^{156.} N. Bulst, Rulers, Representative Institutions, and their Members as Power Elites: Rivals or Partners? i Reinhard 1996: 1–18.

^{157.} T. Ertman, *Birth of the Leviathan. Building States and Regimes in Medieval and Early Modern Europe*, Cambridge 1997: 6.

^{158.} Rolla til mellomalderen sine institusjonar i utviklinga av det liberale demokratiet har stort sett vorte oversett i statsvitenskapleg forsking, sjå B.M. Downing, *The Military Revolution and Political Change. Origins of Democracy and Autocracy in Early Modern Europe*, Princeton 1992: 5.

representative institusjonar – i mellomalderen¹⁵⁹ så vel som i tidleg moderne tid.¹⁶⁰ Sættrekka til ein gjeven institusjon har vorte granska i høve til opphavssituasjonen, samstundes som forhistoria til dei formaliserte representative organa i seinmellomalder og tidleg moderne tid er etterrøkta.¹⁶¹ To aspekt er særleg viktige i denne samanhengen: for det fyrste, i staden for å vurdere framveksten av representative institusjonar som ei omkalfatring av mynderelasjonar, har nyare forsking understreka dei mangfaldige kjeldene og funksjonane til desse forsamlingane.¹⁶² Dette heng igjen saman med ny innsikt i politisk kommunikasjon, og korleis representative institusjonar i mange høve ikkje var noko meir enn skodeplassar for symbolsk demonstrasjon av semje i samsvar med dei politiske 'spelereglane'.¹⁶³ Resultatet har førebels vore nye typologiar. Ein mykje nyttå typologi er sett fram av Wim Blockmans: representative institusjonar var generelt sterke i urbaniserte samfunn.¹⁶⁴ Ein annan er presentert av Neithard Bulst. Bulst skil mellom tre typar representative institusjonar i høve til makta til institusjonen: 1. Institusjonar som vart rådspurte, men som ikkje hadde avgjerslemakt. 2. Relativt mektige institusjonar som hadde eit reelt mandat og reell makt. 3. Institusjonar som utgjorde den faktiske mynda. Bulst dreg fram den sveitsiske konfederasjonaen som døme på sistnemnde type.¹⁶⁵

For det andre, spørsmålet om forsamlingar har vorte knytt saman med det regionale, med *communitas*. I denne forskinga er 'representasjon' definert vidt og orienterer seg på den eine sida i retning 'motstand' (*resistance*),

^{159.} Litteraturen er særstundes omfattande. For eit utval, sjå A. Marongiu, *Medieval Parliaments. A Comparative Study*, London 1968; K. Helle, *Konge og gode menn i norsk riksstyring*, Oslo 1972; E.S. Procter, *Curia and Cortes in León and Castile 1072–1295*; G.O. Sayles, *The Functions of the Medieval Parliament of England*, Oxford 1988.

^{160.} Koenigsberger 1986: 1–27 peiker på fleire faktorar som bør vere til stades i teoriar om framveksten og rolla til parlamentet. 1. Historia til parlamentet må relaterast til den sosiale strukturen til det gjeldande samfunnet. 2. Teorien må gjøre greie for den sosiale og politiske dynamikken over ein lang periode. 3. Teorien må ta omsyn til ekstern innblanding i kampen mellom konge og parlament. 4. Teorien må ta omsyn til det religiøse elementet.

^{161.} P.S. Barnwell, Political Assemblies: Introduction, i P.S. Barnwell & M. Mostert (eds.), *Political Assemblies in the earlier Middle Ages*, Brepols 2004: 2 hevdar at for å kunne tale om politiske forsamlingar i tidleg mellomalder må fire krav vere oppfylte: «consultation for the common good; legislation for the common good, jurisdiction and judgement; commemoration or celebration of an event considered important to those assembled or to the wider group represented at the assembly.»

^{162.} Mykje forsking står likevel att, særleg i form av prosopografiske undersøkingar av kven som tok del i representative forsamlingar. For ei drøfting, sjå Bulst 1996: 41–42.

^{163.} Sjå T. Reuter, Assembly Politics in Western Europe from the Eight Century to the Twelfth, i P. Linehan & J.L. Nelson (eds.), *The Medieval World*. London 2001: 432–451; Barnwell 2004: 7.

^{164.} W. Blockmans, A Typology of Representative Institutions of Late Medieval Europe, i *Journal of Medieval History*, 1978, 4: 189–215. Clark 1995: 123 støttar samsvaret mellom kommersialisme og makta til forsamlingar.

^{165.} Bulst 1996: 47.

og på den andre sida mot eit 'samfunn' (*community*) som omfattar byen og landsbyen.¹⁶⁶ På eit institusjonelt nivå har merksemda vorte retta mot tinget, kommisjonar og ombodsmannen og korleis desse la premissane for kommunikasjonen med statsmynda.¹⁶⁷ På denne måten fekk 'folket' høve til å ta del i den lovgjevande aktiviteten, til dømes i Tyskland, England og Sverige. Ein slik konsensuspolitikk var i sin tur ein føresetnad for statsdanning, då det lokale byråkratiet ikkje var tilstrekkeleg utbygd og såleis avhengig av velvilja til 'folket'.¹⁶⁸ Når det gjeld meir uformelle kanalar for 'motstand', har undersøkingar av bondeopprør understreka at 'motstand' berre i liten grad blei kanalisiert gjennom institusjonar. Fokuset har også vore på i kva grad skilnader mellom opprør i Nord- og Sentral-Europa kan seie noko om særtrekka til statsdanningsprosessen i dei ulike høva.¹⁶⁹

Denne bruken av samanlikning er ei av dei sterke sidene til denne nye tilnærminga.¹⁷⁰ Ein annan styrke er at dei ulike typane av 'representasjon' ikkje berre er sett på som eit tidleg moderne fenomen, men er ført attende til mellomalderen. Det er også eit poeng at gjennom denne utvindinga av undersøkingsområdet vert kultur gjeve ein autonom status, mykje i tråd med oppfordringa til den kulturorienterte skulen.¹⁷¹

BYAR, BYDANNING OG STATSDANNING

Bydanning er eit anna element som har blitt via mykje merksemrd i nyare forsking.¹⁷² I eldre forsking blei byen gjerne framstilt som små friplassar

166. P. Blickle, Introduction, i Blickle (ed.), *Resistance, Representation, and Community*, Oxford 1997: 3. Sjå også P. Blickle, *Deutsche Untertanen. Ein Widerspruch*, München 1981; Blickle, *From the Communal reformation to the Revolution of the Common Man*, Leiden 1998.

167. Sjå S. Imsen og G. Vogler, Communal Autonomy and Peasant Resistance in Northern and Central Europe, i Blickle 1997: 5–43. Sjå også Imsen, *Norsk bondekomunalisme fra Magnus Lagabote til Kristian Kvart. Del 1. Middelalderen*, Oslo 1990; Imsen, *Norsk bondekomunalisme fra Magnus Lagabote til Kristian Kvart. Del 2. Lydriketiden*, Trondheim 1994.

168. P. Blickle, S. Ellis og E. Österberg, The Commons and the State: Representation, Influence, and the Legislative Process, i Blickle 1997: 115–153.

169. Sjå J. Nicolas, J.V. Baroque og S. Vilfan, The Monarchic State and Resistance in Spain, France, and the Old Provinces of the Habsburgs, 1400–1800, i Blickle 1997: 65–114. 'Motstand' i Spania bidrog til framveksten av den moderne staten på tre måtar: 1. Kongemakta styrka seg då 'motstanden' gjekk ut over provinsadelen. 2. 'Motstand' styrka kongemakta sin konfliktløysande funksjon. 3. 'Motstand' fremja normative verdiar slik som 'fridom' som i sin tur var viktige element i den politiske diskursen i den moderne staten.

170. Sjå også H. Neveux og E. Österberg, Norms and Values of the Peasantry in the Period of State Formation: A Comparative Interpretation, i Blickle 1997: 155–184.

171. Sjå ovanfor, 3. Den kulturorienterte tilnærminga.

172. Abrams kritiserer tidlegare forsking for å sjå på byen som ein sosial einskap med apriori fastsett forklaringskraft. Ein bør heller sjå på byen i ljós av historiske byfunksjonar vurdert opp mot den sosiale konteksten (P. Abrams, Towns and Economic Growth: Some Theories and Problems, i P. Abrams & E.A. Wrigley (eds.), *Towns in Societies. Essays in Economic History and Historical Sociology*, Cambridge 1978: 9–35).

i ein føydal samfunnsstruktur og synte såleis fram mot kapitalisme og statsdanning. Elias meinte at byar, i tillegg til hoffsamfunna, som samlingsplassar for store folkemengder, danna føresetnader for dei prosessane som leia til temjing av affektar og i siste instans til statsdanning og sivilisering.¹⁷³ Nyare forsking har problematisert eit slikt syn. Det er ikkje noko ein-til-ein tilhøve mellom byar og statsdanning.¹⁷⁴ Tvert om, byar kunne hindre statsdanning ved å nekte å innordne seg i større statlege rammer. I det tysk-romerske riket i seinmellomalderen hindra sterk bydanning, kopla med ei svak sentralmakt, statsdanning.¹⁷⁵ Så seint som på 1700-talet synte engelske provinsbyar ein kulturell vitalitet som la grunnlaget for ein regional identitet som kunne stå i opposisjon til statsmynda.¹⁷⁶ Synet på byar som opphavsstaden til ei rekke sider ved moderniteten – kapitalisme, rasjonalisme og sekularisering – har også vorte problematisert. P. Arnade peiker til dømes på at symbolikk og offentlege ritual var særstakt framtrædande i styret av byar i seinmellomalderen.¹⁷⁷ I samband med dette har det vorte lansert nye teoriar for kvifor den mellomalderske bystaten på sikt tapte kampen mot territorialstaten: bystaten var meir utsett for indre maktkampar då den i motsetnad til staten ofte mangla ei overordna 'sams' interesse, økonomisk så vel som politisk. Dette førte i sin tur til at den på sikt blei mindre konkurransedyktige enn territorialstaaten.¹⁷⁸ Faktisk endra bystrukturane seg lite i tida 1300–1700, med andre ord i den same perioden der staten gjekk gjennom ei stor modernisering.¹⁷⁹

^{173.} Elias 1969.

^{174.} Urbanisering var viktig i etableringa av nasjonalstatar ved først å fremje oppkomsten av desse einskapane og dernest ved å hindra vidare sentralisering. Det er også eit poeng at kongar vanlegvis støttet kapitalistiske foretak i byar så lenge kongemakta ikkje var i stand til å kontrollere byane, sjå W. Blockmans, *Voracious States and Obstructing Cities: An Aspect of State Formation in Preindustrial Europe*, i *Theory and Society*, 1989, 18: 753.

^{175.} Sjå P. Moraw, *Cities and Citizenry as Factors of State Formation in the Roman-German Empire in the Late Middle Ages*, i *Theory and Society*, 1989, 18: 631–662. G. Chittolini, *Cities, «City-States,» and Regional States in North-Central Italy*, i *Theory and Society*, 18, 1989: 689–706 hevdaar at den same var tilfellet i Sentral- og Nord-Italia. Sjå også P.F. Albaladejo, *Cities and the State in Spain*, i *Theory and Society*, 1989, 18: 721–731.

^{176.} P. Borsay, *The English Urban Renaissance. Culture and Society in the Provincial Town 1660–1770*, Oxford 1989.

^{177.} I følgje P. Arnade, *City, State, and Public Ritual in the Late-Medieval Burgundian Netherlands*, i *Comparative Studies in Society and History*, 1997, 39: 300–318 fungerte dei offentlege rituala mindre som eit middel for å oppnå sosial kontroll enn som ein strategi som tilførte deltagarane i spelet legitimitet i jakta på politiske mål. Desse rituelle nettverka forma den særskilde politiske kulturen i det burgundiske Nederland. Sjå også G. Lind, *Great Friends and Small Friends: Clientelism and the Power Elite*, i Reinhard 1996: 123–147.

^{178.} Spruyt 1994: 155–177. Dette kan i sin tur relaterast til byen sin gradvis svakare økonominiske rolle.

^{179.} Sjå G. Dilcher, *Introduction*, i Blickle 1997: 217–224. Sjå også T.A. Brady, *Introduction: the state and cities in the German-speaking world*, i Blickle 1997: 225–235; G. Dilcher, *Germany*, i Blickle 1997: 229–235.

I tråd med nyare forsking som i større grad legg vekt på 'folket' eller 'samfunnet' har fleire tradisjonelle spørsmål om tilhøvet mellom byen og statsdanning vorte tematiserte på ny. Særleg har spørsmålet om sambandet mellom mellomalderkommunen og den moderne staten blitt granska. Medan tidlegare forsking ofte opererte relativt ukritisk med kausaltetsomgrep, er no 'påverknad' rekna som eit meir tenleg omgrep. Ein grunn til denne meir varsame haldninga finn me ved å sjå på lagnaden til byen: sjølv om somme byar på fleire tidspunkt i vestleg soge oppfyller krava til ein statsdefinisjon (Tilly), overlevde berre få av desse byane som stavar. Sjølv dei sterke nederlandske byane vart integrerte inn i større statlege einskaper. Fokuset har såleis vore på komparative undersøkingar innanfor relativt avgrensa område, slik som byar i Nederland,¹⁸⁰ Nord-Italia¹⁸¹ og det spanske Italia.¹⁸²

Det kanskje viktigaste bidraget frå denne nye retninga har vore å bøte på den teorifattigdommen som gjerne har kjenneteikna byhistoria. For ikkje mange år sidan vart det etterlyst modellar som gjekk ut over typologiar og som prøvde å ordne mangfaldet av empirisk kunnskap i høve til makrohistoriske utviklingsliner.¹⁸³ Rett nok dominerer typologiane framleis, men dei har fått ein ny dimensjon delvis gjennom ei sterk vekt på komparasjon og delvis gjennom å ta omsyn til det mellomalderske opphavet til både byen og staten.¹⁸⁴

DEN MILITÆRE REVOLUSJONEN OG FINANSIERING AV KRIG

Opphavleg refererte omgrepet 'den militære revolusjonen'¹⁸⁵ til fleire utviklingar, hovudsakleg av teknisk karakter. Dei viktigaste av desse var utbreiing av skytevåpen og artilleri, ny forskansing og sterk vekst i styr-

^{180.} W. Blockmans, The impact of cities on state formation: three contrasting territories in the Low Countries, 1300–1500, i Blickle 1997: 156–271. Blockmans konkluderer at byane på den eine sida var viktige for framveksten til den moderne staten gjennom å fungere som økonomske sentrum. På den andre sida kunne dei hindra statsdanninga sidan byane ikkje utan vidare ville gje slepp på kontrollen av undersåttar. Sjå også H. van Nierop, Popular participation in politics in the Dutch Republic, i Blickle 1997: 272–290. Van Nierop understrekar at sjøl om regentstyret i Nederland knapt tillot institusjonalisert folkeleg deltaking, var systemet særskilt opent for uformelt press, til dømes gjennom petisjonar.

^{181.} A.K. Isaacs, State in Tuscany and Veneto, 1200–1500, i Blickle 1997: 291–304.

^{182.} A. Musi, Integration and resistance in Spanish Italy, 1500–1800, i Blickle 1997: 305–323.

^{183.} R. Rodger, Theory, Practice, and European Urban History, i R. Rodger (ed.), *European Urban History. Prospect and Retrospect*, Leicester 1993: 1–19.

^{184.} Sjå til dømes A.K. Isaacs & M. Prak, Cities, Bourgeoisies, and States, i Reinhard 1996: 207–234; T.A. Brady, Conclusion, i Blickle 1997: 320–323; M.H. Hansen (ed.), *A Comparative study of Thirty City-State Cultures*, Copenhagen 2000.

^{185.} M. Roberts, The military revolution, 1560–1660, *Essays in Swedish History*, London 1967: 195–226.

kane på den eine sida, og finansielle og administrative problem som følge av desse endringane på den andre.¹⁸⁶ Den nyare historiske sosiologien har særleg vore oppteken av den militære variabelen: som me har sett, krigføring er både for Tilly og Mann den viktigaste faktoren for å forklare statsdanning. Stemmer dette? Om me vender oss mot det administrativt-fiskale området, hevda den tyske økonomen J. Schumpeter midt på 1950-talet at 1500-talet markerte overgangen frå ein stat tufta på ein godskønsum til ein stat basert på skattlegging av undersåttane. Krig var her ein sentral faktor.¹⁸⁷ Seinare vart dette synet kritisert for å passe langt betre på einskilde tyske fyrstedøme enn på Frankrike og fleire andre europeiske statar som allereie i seinmellomalderen hadde innført direkte skattlegging.¹⁸⁸ I så måte utgjorde omgrepene 'finansstat' eit alternativ, i tydinga ein stat dominert av eit nytt finansielt apparat og som var avhengig av tenester frå ein ny handlarklasse. I den seinare tida har ein derimot gått vekk frå slike generelle karakteristikkar og i staden etterrøkta 'finansielle revolusjonar'.¹⁸⁹ Med andre ord, sjølv om dei fleste ser eit samband mellom den militære revolusjonen og endringar i staten sitt finansielle grunnlag, er det vanskeleg å finne eitt einskild mønster.

Innsikta frå det som er kalla den 'nye skattehistoria' (*new fiscal history*) har utan tvil gjort seg gjeldande: det er ikkje mogeleg å tale om eitt einskild skatteregime i tidleg moderne Europa.¹⁹⁰ Forsking i dei siste ti åra har også blitt meir skeptisk til om det gjev mening å snakke om 'revolusjonar', då endringane i langt dei fleste høva var gradvise og strekte seg over lange periodar. I staden har merksemda i større grad vorte retta mot å forklare nasjonale særtrekk ved den 'fiskal-militære' staten i ljós av den europeiske konteksten. I samband med dette har truleg Ertman eit poeng når han meiner at statsbyggingsprosessen i Europa må granskast i høve til økonomiske strategiar. Frankrike, pavedømet, Napoli, Castilla, Aragon og England etablerte spesialiserte administrative, fiskale og juridiske organ i mellomalderen. Statar i Nord-, Sentral- og Aust-Europa derimot, tok først til med denne prosessen etter 1500. Dei kunne

186. For den militærhistoriske sida av den 'militære revolusjonen', sjå G. Parker, *The military revolution. Military innovation and the rise of the West, 1500–1800*, Cambridge 1988; J. Black, *A Military Revolution? Military Change and European Society 1550–1800*, New York 1991; C.J. Rogers (ed.), *The Military Revolution Debate: Readings on the Military Transformation of Early Modern Europe*, Colorado 1995.

187. J. Schumpeter, The crisis of the tax state, i *International Economic Papers*, 1954: 4.

188. Sjå R. Bonney, *The European dynastic states, 1494–1660*, Oxford 1991: 352–360.

189. Sjå J.D. Tracy, *A Financial Revolution in the Habsburg Netherlands. Renten and Renteniers in the County of Holland*, Berkeley 1985.

190. Sjå til domes bidrag i R. Bonney (ed.), *The Rise of the Fiscal State in Europe, c. 1200–1815*, Oxford 1999.

såleis lære av negative og positive erfaringar til den fyrste gruppa av statar. I følgje Ertman gjorde dette sitt til at tyske og skandinaviske styrarar på 1500- og 1600-talet kunne finansiere krig ved å organisere byråkratia kring den nye oppfatninga av embetsmannen som krona sin tenar, og ikkje i høve til patrimonial embetstenking som dominerte i den fyrste statsdanningsbølgja.¹⁹¹ Eit andre døme på kvifor ein kanskje gjer best i å unngå omgrep som 'revolusjon', finst i den omfattande debatten om kvifor den storstilte militære opprustninga i England etter 1688 ikkje leia til eineveldige tendensar slik som på kontinentet. John Brewer representerer ein posisjon og meiner at England ikkje var eksepsjonelt og viser til ei sterk sentralisering i form av eit sentralt skattesystem, ein mektig lovgjevande einskap og eit nasjonalt system for fattigomsorg. Stone, på si side, er usamd og hevdar at Brewer overser at uavhengige aristokratar kontrollerte både parlamentet og lokalstyret. Desse var sterkt skeptiske til hæren, skattlegging og sentral kontroll generelt.¹⁹²

I den skandinaviske konteksten har omgrepet 'maktstat' blitt nytta for å gripa særtrekka ved den skandinaviske staten på 1500- og 1600-talet. Sjølv om omgrepet innlemmar militarising, skatteoppkrevjing og administrativ mynde, refererer ikkje 'maktstaten' til staten som ei krigsmaskin eller til ein eineveldig stat som knebla forsvarslause lokalsamfunn.¹⁹³ I staden er utgangspunktet samverket mellom tre faktorar som kunne leia til nye maktstrukturar, nemleg endringar i den heimlege økonomien, ytre trugsmål frå etableringa av det internasjonale statssystemet og andre indre føresetnader. Her har såleis omsynet til lokalsamfunn og regionar vunne innpass, all den tid ei viktig side ved statsdanning har å gjere med samverket mellom regionar og maktstaten.¹⁹⁴

Nyare forsking om sambandet mellom krig og statsdanning har også utvida undersøkingsområdet kronologisk – til også å omfatte seinmelomalderen – og tematisk – ved å granske nye følgjer av endringar i krigføring. Desse inkluderer tilhøvet til lovgjeving, kommunalisme, individualisme og dynamikken i det internasjonale statssystemet.¹⁹⁵ Frå denne skissa av tilhøvet mellom den militære revolusjonen, skattlegging og statsdanning har særleg tre punkt gjort seg gjeldande, nemleg variasjon,

^{191.} T. Ertman, European State-Building Theory, i L. Stone (ed.), *An Imperial State at War: Britain from 1689 to 1815*, London 1994: 33–51.

^{192.} Brewer 1989; Stone 1994. Sjå også Braddick 2000: 233–279.

^{193.} L. Jespersen, The Constitutional and Administrative Situation, i L. Jespersen (ed.), *A Revolution from Above? The Power State of 16th and 17th Century Scandinavia*, Odense 2000: 58.

^{194.} Ø. Rian, Introduction: Government and Society in Early Modern Scandinavia, i Jespersen 2000: 28–29.

^{195.} Sjå bidraga i P. Contamine (ed.), *War and Competition between States*, Oxford 2000.

nytten av komparasjon og det komplekse samspelet mellom ulike faktorar. På mange måtar fangar desse tre punkta essensen i nyare forsking kring stat og statsdanning i det heile teke.

KONKLUSJON

For å vende attende til spørsmålet frå innleinga: staten har definitivt vendt attende, men den er blitt langt vanskelegare å finne enn tidlegare. Medan det er ei omtrentleg semje om verdien av å nytte omgrepet 'stat' som ein analytisk einskap for komparative føremål, er det lite semje om kva omgrepet inneheld. Sameleis med synet på statsdanning: den etter måten sterke evolusjonismen frå den klassiske sosiologien har blitt kritisert, og nye teoretiske alternativ har freista å få grep om ein samansatt prosess som langt ifrå er så rettina som Marx eller Weber ville ha det til. Frå ei side kan det såleis sjå ut som om forsking om stat og statsdanning dei siste tjue åra hovudsakleg har underminert tidlegare 'sanningar': skiljet mellom mellomalder og tidleg moderne tid, idealtypar (mellomalderstaten, den eineveldige staten), deduktive forklaringsmodellar og sekularisering som føresetnad for statsdanning. Men sjølv om rolla til deduktive makromodellar truleg er utspelt, er det ingen ting i vegen for å konstruere induktive makromodellar; komparative undersøkingar – i tråd med insisteringa på induktiv metodikk – som også tek omsyn til det regionale nivået. Å skilje mellom mikro-, meso- og makronivå vert såleis viktig. Modellbygging bør også ta omsyn til synkron og diakron dynamikk mellom ulike nivå. Men det me kanskje først og fremst manglar no er ei abstrahering av denne nye empiriske kunnskapen inn i forklaringsmodellar. Med utgangspunkt i Wolfgang Reinhard sitt skjema¹⁹⁶ har eg plassert dei åtte empiriske variablane i høve til undersøkningsnivå- og einskapar.

<i>Undersøkningsnivå / undersøkingseinskapar</i>	<i>variabler</i>
Mikronivå	
Dynasti og maktelitar	patrimoniale band eliterelasjonar representasjon religion
Mesonivå	
Krig og embetsmenn	krig og finansiering av krig skriftleg administrasjon
Makronivå	
Samfunn og styrande klassar	regionar byar

¹⁹⁶ W. Reinhard, Introduction. Power Elites, State Servants, Ruling Classes, and the Growth of State Power, i Reinhard 1996: 1–18.